



# Innkalling av Alver kommunestyre

**Møtedato:** 26.11.2020  
**Møtestad:** TEAMS  
**Møtetid:** 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 12:00 Ekstraordinær generalforsamling Meland Utbyggingsselskap AS  
ca.kl.12:15 Spørjetime

## Sakliste

Saknr	Tittel
135/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
136/20	Godkjenning av møteprotokoll frå 23.11.2020
137/20	Risiko- og vesentlegvurdering – plan for eigarskapskontroll
138/20	Avtale om tenestetilbod – Alver og politiet
139/20	Avklaring av planinitiativ - Detaljreguleringsplan for Valdernesnes, gnr. 502 bnr. 2 mfl.
140/20	Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom si verksemd har ekstraordinær lokal verdi - NY BEHANDLING
141/20	Prioritering av søknader om spelemidlar 2021
142/20	Retningslinje for kommunalt følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
143/20	Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg - Framlegg til planprogram
144/20	Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til endeleg vedtak planprogram
145/20	Samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins
146/20	Framlegg til ny Forskrift 01. januar 2021 om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune.
147/20	Retningslinjer sal av eigedom
148/20	Temaplan bygg og eigedom
149/20	Temaplan trafikksikring - revidert
150/20	Lokal forskrift om påsepp av olje og fetthaldig avløpsvatn i Alver kommune
151/20	Endring fondsvedtekter næringsfond i Alver kommune

---

152/20	Endringer i forskrift om vass- og avløpsgebyr
153/20	Gebyr- og betalingsattsar for 2021
154/20	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for 2021

---

19. november 2020

Sara Hamre Sekkingstad  
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID>32T  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 19.11.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
135/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID>32T  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 06.11.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
136/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå 23.11.2020

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 22.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
112/20	Alver kommunestyre	29.10.2020
137/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Risiko- og vesentlegvurdering – plan for eigarskapskontroll

### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område

- prioritert:
  1. Generell eigarstyring
- uprioritert:
  - o Næringsutvikling
  - o Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

### Alver kommunestyre 29.10.2020:

#### Handsaming:

Ståle Hauge (AP) sette fram følgjande framlegg:

Kommunestyret utset saka til neste møte. Kommunestyret ber om at revisor kjem og gjer greie i saka og svarar på spørsmål.

Kommunestyret vedtok samrøystes utsetjingsframlegget til Ståle Hauge.

#### KO- 112/20 Vedtak:

Kommunestyret utset saka til neste møte. Kommunestyret ber om at revisor kjem og gjer greie i saka og svarar på spørsmål.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Vedlegg i saken:

22.10.2020 2020 10 20 Vedtak om innstilling til plan for eigarskapskontroll - Alver kontrollutval

1463056

**Arkiv:** <arkivID>32T  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 05.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
106/20	Alver formannskap	12.11.2020
138/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Avtale om tenestetilbod – Alver og politiet

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtar å inngå i avtale om tenestetilbod med Nordhordland lensmannsdistrikt

### Alver formannskap 12.11.2020:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO- 106/20 innstilling:

Kommunestyret i Alver vedtar å inngå i avtale om tenestetilbod med Nordhordland lensmannsdistrikt

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Denne saka gjeld at Alver kommune inngår samarbeidsavtale om førebyggjande arbeid med Nordhordland lensmannsdistrikt.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn:

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein viktig del av politireforma. I samband med dette skal det utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd. Føremål med avtalen er ei gjensidig forplikting på at det førebyggjande arbeidet skal fungere best mogeleg, og avtalen skal skildra både kva politiet og kommunen kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulera arbeidet både på operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

##### Sentrale tema i avtalen:

- Deltaking i politiråd og beredskapsråd
- Deltaking i kommunen sitt psykososiale kriseteam og kommunale kriseleing

- Samarbeid mellom kommunen og politikontakten
- Deltaking i kjernegrupper ved ungdomsskulane
- Bidrag frå politipatruljar ved hendingar og oppdrag
- Bidrag til trafikkontrollar og deltaking i det førebyggjande arbeidet med TSU (Trafikkfagleg samarbeidsutval)
- Førebyggjande arbeid ved større arrangement
- Førebyggjande arbeid mot barn og ungdom
- Bidrag i kommunen sitt konsultasjonsteam.

#### Spesielle fokusområde:

- KUBA ( nye kunnskapsbaserte utfordringar som oppstår )
- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid
- Rusførebyggjande arbeid blant barn / ungdom

#### Organisering og forventningar til samarbeidet

Samarbeidet skal sikrast gjennom politiråd og gjennom politikontaktordning. Det er viktig med god samhandling som for eksempel i samband med politivedtekter, barnevern, trafikale forhold, rus-politisk handlingsplan og planarbeid i kommunen sett i et kriminalitetsførebyggjande perspektiv. Politiet har forventning om at kommunen som samarbeidsaktør, bidrar til ein samordna førebyggjande innsats mot kriminalitet og rusbelasta tfordringar.

#### Vurdering

Kommunen driv førebyggjande arbeid innanfor fleire av tenesteområda, og i dette arbeidet er politiet ein viktig medspelar og samarbeidspart. Avtalen om tenestetilbod legg eit godt grunnlag for samarbeidet på sentrale område som born/ungdom, rusførebygging, trafikksikring, beredskap og kriminalitetsførebygging. Rådmannen rår til at Alver kommune inngår avtale om tenestetilbod med Nordhordland lensmannsdistrikt.

#### Vedlegg i saken:

05.11.2020 Vedlegg\_avtale om tenestetilbod - Alver og Nordhordland lensmannsdistrikt - framlegg

1469648



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
162/20	Utval for areal, plan og miljø	11.11.2020
139/20	Alver kommunestyre	

Sakshandsamar:	Plan og byggesak	Lennart Falkenberg-Arell
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 20/7681
		Klassering:

### Avklaring av planinitiativ - Detaljreguleringsplan for Valdersnes, gnr. 502 bnr. 2 mfl.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

##### Alternativ 1:

«Alver kommunestyre opprettheldt hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk i tidlegare Radøy kommune sitt vedtak datert 18.9.2019 i sak 046/2019 og gjev løyve til å setje i gong detaljregulering for område på Valdersnes gnr. 502 bnr. 2 mfl. Vedtaket er gitt med heimel i plan- og bygningslova § 12-8, 2. ledd.»

##### Alternativ 2:

«Alver kommunestyre opprettheldt ikkje hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk i tidlegare Radøy kommune sitt vedtak datert 18.9.2019 i sak 046/2019 og gjev ikkje løyve til å setje i gong detaljregulering for område på Valdersnes gnr. 502 bnr. 2 mfl. Vedtaket er gitt med heimel i plan- og bygningslova § 12-8, 2. ledd.»

#### Utval for areal, plan og miljø 11.11.2020:

##### Handsaming:

##### Rådmannen sitt alternativ 1:

«Alver kommunestyre opprettheldt hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk i tidlegare Radøy kommune sitt vedtak datert 18.9.2019 i sak 046/2019 og gjev løyve til å setje i gong detaljregulering for område på Valdersnes gnr. 502 bnr. 2 mfl. Vedtaket er gitt med heimel i plan- og bygningslova § 12-8, 2. ledd.»

Rådmannen sitt alternativ 1. vart samrøystes vedteke.

#### APM- 162/20 innstilling:

«Alver kommunestyre opprettheldt hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk i tidlegare Radøy kommune sitt vedtak datert 18.9.2019 i sak 046/2019 og gjev løyve til å setje i gong detaljregulering for område på Valdersnes gnr. 502 bnr. 2 mfl. Vedtaket er gitt med heimel i plan- og bygningslova § 12-8, 2. ledd.»

#### Saksgang

Plan, landbruk og teknisk (PLT) i Radøy sitt vedtak i sak 046/2019:

«Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gjev løyve til å setje i gong detaljregulering for område i Valdersnes (102/2 mfl.), på følgjande vilkår:



1. Planområdet tek med nok areal til at vurderingar av overordna arealbruk også vert avklart. Det betyr at areal på både sider av vågen må inngå. (Endeleg avklaring i oppstartsmøte)

2. Planarbeidet må ta med vurderingar som vanlegvis er del av overordna plan. Det inneber konsekvensutgreiing (KU) og risikoanalyse (ROS) for ny arealbruk. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-8(2), jf. Forskrift om behandling av private reguleringsplanforslag.»

Planforvaltninga mottok planinitiativet 7.8.2020 og avviste initiativet den 19.8.2020 med grunngevinga at planinitiativet er i strid med overordna plan, i strid med vedtak, i strid med formkrav i planforskrifta kap. 1 og i strid med kva som skal vurderast i høve til forskrift om konsekvensutgreiing kap. 5. Sjå vedlegg 2 for meir informasjon.

Eit revidert planinitiativ i tråd med administrasjonen sine tilbakemeldingar vart sendt inn på nytt 5.10.2020, med eit krav om at planinitiativet vart framlagt for kommunestyret for endeleg avgjerd, jf. PBL § 12-8, 2.ledd.

### Bakgrunn

På vegne av forslagsstillar Olav Ståløy fremjar Arkoconsult AS planinitiativ for oppstart av planarbeid på gnr. 502 bnr. 2 mfl. ved Valdernesnes på Radøy. Området det gjeld ligg på Vallersneset heilt nord for Ystebø.



**Figur 1: Raud ring visar ca. planområde, oransje farge er heile eigedomen**

Intensjonen med planinitiativet er å legalisere eksisterande situasjon. Kai og småbåtanlegg er

allereie oppført. Forslagsstillar fekk avslag på dispensasjon om oppføring av tiltak i strid med overordna plan, men både administrasjonen og politikarane i tidlegare Radøy kommune har vore positiv til at ein kan starta ein reguleringsplanprosess i området.

I kommunedelplan (KDP) for Radøy 2011- 2023, delrevisjon 2019 er område på land satt av til LNFR og i sjø til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. For meir informasjon om innhald i planinitiativet, sjå vedlegg 1.

### **Vurdering & Konklusjon**

Rådmannen si vurdering er at administrasjonen sitt avslag til opprinneleg planinitiativ, den 19.8.2020, var riktig for å sikre at planprosessen vert i samsvar med plan- og bygningslova kap. 12 sine reglar for sakshandsaming.

Planinitiativ som er utarbeida i strid med overordna plan kan etter gjeldande delegeringsreglement for Alver kommune kun godkjennast for planoppstart med politisk handsaming og vedtak.

Rådmannen har ingen ytterlegare merknadar til saka.

### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

### **Vedlagte saksdokument:**

1.Planinitiativ_02.10.2020	1458037	12.10.2020
2.Avvising av planinitiativ_19.8.2020	1458038	12.10.2020

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 12.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
140/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom si verksemd har ekstraordinær lokal verdi - NY BEHANDLING

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner ordning med driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom sitt verksemd/aktivitet har ekstraordinær lokal verdi.

Ordninga trer i kraft første gong i 2022, med søknadsfrist 01. mars 2021.

Det er den til ein kvar tid gjeldande budsjett som avgjer ramma for ordninga

Retningsline for tilskotsordninga vert godkjend slik det går fram av saka.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saksopplysninger:

#### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020:

##### Behandling:

Utvalet fekk den 01.09.2020 ettersendt tilleggsinnspel i saka frå Alver Idrettsråd.  
Orientering i saka v/Eirik B. Utne-kultursjef

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### OKK- 046/20 innstilling:

Alver kommune godkjenner ordning med driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som sitt verksemd/aktivitet har ekstraordinær lokal verdi.

Ordninga trer i kraft første gong i 2022, med søknadsfrist 01. mars 2021.

Det er den til ein kvar tid gjeldande budsjett som avgjer ramma for ordninga  
Statuttar for tildeling av fast, kommunal driftstilskot vert vedteken slik det går fram av saka.

#### Alver kommunestyre 17.09.2020:

##### Handsaming:

Framlegg frå L. Taule-SP:  
Saka vert utsett

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## **KO- 088/20 Vedtak: Saka er utsett**

### **Bakgrunn**

I tråd med Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (Kulturlova) skal kommunane sikre eit breitt lokalt kulturtilbod.

I strategi- og styringsdokumentet for Alver kommune er kultur og frivilligheit ein av berebjelkane for framtidig planlegging og samfunnsutvikling. Eit av dei strategiske utviklingsområda er *lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit*

Hovudmålet for strategien er i siste ledd *Alver skal bygge vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.*

Vidare skal vi mellom anna arbeide etter følgjande strategiar:

- Leggje til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet. Dette vil også gjelda for eksisterande bygder.
- Sikre ei heilskapleg utvikling av kultur- og idrettsarenaer, og vidareutvikle etablerte og planlegge for nye arenaer
- Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet
- Leggje til rette for at frivillig arbeid får føreseielege rammer, og arbeide for at fleire engasjerer seg i frivillig arbeid

Ny samfunnsdel for Alver vil òg omhandle kultur- og idrettsfeltet. Planstrategien for Alver legg vidare opp til ein eigen kulturplan, kulturminneplan og kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Desse planane vil vere med å legge grunnlaget for kultur- og idrettspolitiske prioriteringar som del av ei heilskapleg samfunnsutvikling i Alver.

Dei gamle kommunane hadde ulike samarbeidsavtalar med nokre faste tilskotsmottakarar. Desse var inngått på ulike tidspunkt og etter ulike føresetnadar, og eventuell fornying og vidareføring er krevjande å forvalte heilskapleg og føreseieleg i den nye kommunen.

Fleire kommunar og fylkeskommunar har tilskotsordningar som er tilpassa problemstillingane knytt til dette, der kultur- og idrettspolitiske målsettingar og strategiar er retningsgivande for langsiktige tilskot. Desse tilskota vert årleg behovsprøvd og rapportert, og framgår i økonomiplanen.

Ordninga som ligg føre er innretta som eit verktøy og rammeverk for prioritering, styring og forvaltning av eventuelle langvarige tilskot. Saka vil medføre at eventuelle nye samarbeidsavtalar vil verte utarbeidd utan gitt tilskotssum, på same måte som for Alver idrettsråd og Alver kulturråd. Det er dei til ein kvar tid gjeldande rammer som vil vere styrande for ordninga, og tidlegare langsiktige tilskot frå dei gamle kommunane er i hovudsak tatt høgde for i økonomiplanarbeidet over til Alver kommune.

Tilskotsordninga gjeld driftstilskot for 2022 og vidare. Tildelingane vert avgjort i økonomiplan og budsjettvedtak i 2021.

Ein kan maksimalt søkje for ein valperiode som er 4 år, gjeldande frå 2024. Innvilga søknadar gjeldande frå 2022, vil kunne gjelde fram til 2024.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur behandla sak om «Fast tilskot til lag/organisasjonar» sak 024/20, i møte 09. juni d.å. Saka blei lagt ut på høyring.

**OKK- sak 024/20, vedtak:**

Sak om kommunal driftstilskot til lag/foreiningar i Alver kommune, vert lagt ut til offentleg høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Sak om faste til skot til lag/organisasjonar har vert på høyring 29.06. Frist blei sett til 20. august grunna sommarferie.

**Det var kome inn 8 innspel ved høyringsfrist 20.08.**

1. Manger Musikklag v/leiar Nils-Arne Træland
2. Eikanger-Bjørsvik musikklag v/Stig Ryland
3. Styret stiftinga Lyngheisenteret
4. Lyngheisenteret/Museumssenter i Hordaland v/Torhild Kvingedal
5. Styret i Stiftinga Tjorehagen
6. Vestnorsk utvandringssenter/Museumssenteret i Hordaland
7. Knarvikmila/AKS 77
8. Alver kulturråd (representerer 47 lag/organisasjonar)

Med bakgrunn i vedtak i kstyret 17.09.20, blei det utvida høyringsfrist. Høyringsfrist var satt til 28.10.2020.

Saka blei lyst ut som høyringssak på Alver kommune sin heimeside og Facebook. Vidare vart saka i annonsert i Avisa Strilen 06. oktober og i Avisa Nordhordland 03. 10.2020

**Ved utvida høyringsfrist 28.10.2020, kom det 3 høyringsinnspel**

9. Nord -og Midhordland sogelag
10. Edru Livsstil Nordhordland
11. Alver idrettsråd (representerer 38 lag/organisasjonar)

**Edru livsstil Nordhordland, datert 16.10.2020**

Ein må ikkje gløyme dei små aktørane Edru Livsstil Nordhordland meiner at kommunen ikkje må gløyme dei små laga i kommunen med omsyn til tilskot. Mangfaldet av lag, og alt arbeidets mål ag utfører, er ein stor positiv resurs i samfunnet og bør ikkje koma i annan rekkje for tilskot.

Faste tilskot til store lag kan vera uheldig Edru Livsstil Nordhordland meiner det kan vera uheldig om nokre store lag får faste tilskot, og at dette kan gå ut over tilskotet til dei mindre aktørane. Dette kan også bli ei kvilepute for nokre store lag som vil motta faste tilskot uansett aktivitet. Og sameleis verka passiviserande for små lag som vil bli større. Samfunnet endrar seg og det kan vera naturleg å byggja opp små lag innan mange interessefelt. Me oppmodar difor ikkje til vedtak om faste tilskot til nokre få lag.

**Kommentar**

Tatt til orientering. Dei ålmenne tilskotsordningane (kulturmidlane) vil fortsetje innafor ein kvar tid gjeldande ramme. Ny ordning etablerer eit heilskapleg rammeverk for langsiktige tilskot

**Nord -og Midhordland sogelag, datert 20.10.2020**

I 1919 / 1920 vart laget eigar av to eldre bygningar i Radøy: Syltastova og Bogatunet. Begge desse bygningane er verna kulturminne.

«...Tidlegare Radøy kommune har vore ein god økonomisk støttespelar, og det er vårt ynskje at Alver kommune også vil vera det. Dette kan gjerast gjennom eit fast kommunalt driftstilskot. Me har også tru på at ei slik ordning gjer det lettare for oss å få tak i midlar frå anna hald.

**Kommentar**

Tatt til orientering. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunda kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar.

**Alver idrettsråd – brev datert 31.08.2020 (Alver idrettsråd representerer 38 lag)**

I saksutgreiinga er Alver idrettsråd og Alver kulturråd omtala som mottakarar av faste årlege tilskot. Begge råda er viktige aktørar for eit best mogeleg samarbeid mellom kommunen og dei kulturelle aktivitetane desse råda har ansvaret for. Det er difor viktig at dei har føreseielege vilkår for sitt utøving av sitt arbeid.

Begge råda har nyleg underskrive samarbeidsavtalar med kommunen, og for idrettsrådet skal årleg tilskot behovs prøvast. Alver idrettsråd vil prøva ut denne ordninga, men vil understreka at den årlege løyvinga må gå utanom kulturmidlane. Grunngevinga for dette er både at aktivitetane i rådet kan variera noko frå år til år og at ei løyving ikkje skal «konkurrera» med midlar til kulturelle aktivitetar.

Alver idrettsråd har ikkje merknader til punkta:

- Kven kan søkja
- Kva kan ein få støtte til og
- Søknadsprosess

### **Kommentar**

Tatt til orientering. Idrettsrådet og kulturrådet har i dag fast tilskot gjennom samarbeidsavtalane. Ein kan forvalte tilskotsnivå og rapportering saman med den nye ordninga

### **Ved ordinær høyringsfrist 20.08.20, kom det inn 8 høyringsinnspel**

#### **Manger musikklag – 19.08.20**

Manger musikklag (MML) støtta forslag om fast kommunal driftstilskot. Dette vil gje MML ein økonomi som er føreseieleg. MML peikar vidare på at ein ikkje har fast tilhaldsstad/øvingslokale slik t.d. Eikanger-Bjørsvik musikklag har, noko som medfører ein del ekstra kostnad. MML ber om at dette blir teke omsyn til i vidare vurdering.

MML har fått fast, årleg tilskot frå Radøy kommune.

### **Kommentar**

Tatt til orientering. Alver kommunestyre har i verbalpunkt bedd om likebehandling for elitekorpsa i kommunen, dette vart følgt opp i 2020 med like tilskot etter søknad ved den ålmenne tildelinga. Kommunen er klar over øvingssituasjonen til Manger musikklag

#### **Eikanger-Bjørsvik musikklag – 20.08.20**

Eikanger-Bjørsvik musikklag (EBML) støtta forslag om innføring av fast, kommunal driftstilskot til lag/organisasjonar som står fram som fyrtårn innan sitt felt.

EBML har ein omsetnad på 2,5 mill årleg. Eit fast driftstilskot vil gjere økonomien meir føreseieleg.

### **Kommentar**

Tatt til orientering. Alver kommunestyre har i verbalpunkt bedd om likebehandling for elitekorpsa i kommunen, dette vart følgt opp i 2020 med like tilskot etter søknad ved den ålmenne tildelinga.

#### **Styret i Stiftinga Lyngheisenteret**

Styret i Stiftinga Lyngheisenteret skriv m.a. i si høyringsuttale at eit fast driftstilskot gir føreseielege rammer og bidreg til at det vert enklare å vidareutvikle seg som ein læring, kunnskap, opplevingsarena og merksemd, særleg lokalt men også nasjonalt og internasjonalt.

### **Kommentar**

Tatt til orientering. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunda kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar.

#### **Lyngheisenteret/Museumssenteret i Hordaland v/avdelingsleiar Torhild Kvingedal – 17.08.20**

Lyngheisenteret (LHS) synes det er eit godt tiltak at Alver kommune opnar for at viktige kulturinstitusjonar kan få moglegheit til å søkje om fast driftstilskot.

Ei kommunal driftsstøtte kan vera med på å gjera det enklare å få løyse ut midlar frå andre finansieringskjelder

som krev eller har ynskje om at kommunen er inne og støttar organisasjonen.

#### **Kommentar**

Tatt til orientering. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunde kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar.

#### **Styret i Stiftinga Tjorehagen, 19.08.20**

Det er eit viktig forslag frå den nye kommunen at kulturinstitusjonar kan få høve til å søkja om fast driftstilskot. For Tjorehagen betyr det mykje å få ei driftsstøtte årleg. Det vil kunne gje betre moglegheit for langsiktig planlegging og kommunal støtte kan vere med å gjere at ein kan få støtte gjennom andre finansieringsordningar til ulike investeringar.

Stiftinga Tjorehagen fekk innvilga driftsstøtte frå Radøy kommune i 2017, 2018 og 2019. Det var og lagt inn i budsjettet for Radøy kommune på driftstilskot på kr 50.000 pr år i støtte for 2020 og 2021.

#### **Kommentar**

Tatt til orientering. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunnda kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar. Tilskotet til Tjorehagen er vidareført i Alver i tråd med vedtak i Radøy kommune

#### **Vestnorsk utvandringssenter / Museumssenter Hordaland – 20.08.20**

For Vestnorsk utvandringssenter, MUHO, har det vore særskilt viktig og verdifullt å ha årleg og fast tilskot frå Radøy kommune, og er avgjerande for drifta av Utvandringssenteret. Det har gjeve oss ein stabilitet og høve for kontinuitet og langsiktig planlegging.

#### **Kommentar**

Tatt til orientering. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunnda kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar. Tilskotet til Vestnorsk utvandringssenter er mellombels vidareført i 2020

#### **Knarvikmila/AKS 77 – 19.08.20**

Vi i Knarvikmila vil igjen uttrykke kor viktig det er for stifting at vi mottar eit fast økonomisk driftstilskot.

Det gjev oss nødvendig føreseiing for å kunne arrangere eit flott arrangement kvart år.

#### **Kommentar**

Tatt til orientering. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunnda kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar. Tilskotet til Knarvikmila er mellombels vidareført i 2020

#### **Alver kulturråd – 20.08.20 (Alver kulturråd representerer 47 lag)**

Alver kulturråd ønskjer ei føreseieleg og heilskapleg tilskotsordning som er enkel å handsame. Det må vere enkelt både for søkjarar, sakshandsamarar og politiske beslutningstakarar. Samstundes er det viktig at tilskotspolitikken stimulerer til rekruttering og kompetanseheving lokalt.

Ei fast tilskotsordning vil vere synleg og berekraftig kulturpolitikk. Særskilt viktig blir dette når det gjeld faste tilskot til aktørar av nasjonal kvalitet, og jamvel aktørar med solid europeisk omdøme. Ein må ha brei og kontinuerleg debatt kring framtidige kandidatar som skal vurderast til fast tilskot.

Når det gjeld kva for lag/foreiningar i Alver kommune som kan kome inn under ordninga så meiner Alver kulturråd at Manger Musikklag, Eikanger Bjørsvik Musikklag og Knarvikmila AKS 77er gode kandidatar.

Saksutgreiinga nemner forslag på tilskot til nokre av musea i kommunen. Alver kulturråd meiner at fast tilskot til musea treng ein snarleg gjennomgang grunna talet på kulturinstitusjonar som kan vere aktuelle. Dette må sjåast i samanheng med eventuell tilskot som gjevast til aktivitetar i både Museumssenteret i Hordaland, til Museum Vest, til private og offentlege samlingar.

Alver kulturråd forstår at det er «dei frivillige fyrtårna» som er på agendaen. Men Alver kulturråd vil nemne fast tilskot til Alver kulturråd og Alver Idrettsråd som ei sak som har vore snakka om i lang tid. Støtta til kulturråd og idrettsråd bør vere ei fast løyving utanom kulturmidlane. Det vil gjere arbeidet i dei to råda meir føreseieleg. Løyvinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik. Merk at dette er eit innspel som ikkje har vore til felles debatt i dei to råda.

## **Kommentar**

Idrettsrådet og kulturrådet har i dag fast tilskot gjennom samarbeidsavtalane. Ein kan forvalte tilskotsnivå og rapportering saman med den nye ordninga. Saka etablerer rammeverket for ordninga, søknadsrunda kvar vår vil definere eventuelle tilskotsmottakarar.

## **Vurdering**

Dei som har respondert med høyringsuttale, trekk fram behov for stabilitet, kontinuitet, langsiktig planlegging og føreseielege rammer.

Nokre trekk fram at ei kommunal driftsstøtte kan vera med på å gjera det enklare å løyse ut midlar frå andre finansieringskjelder som krev eller har ynskje om at kommunen er inne og støttar organisasjonen.

Eдру livsstil Nordhordland understrekar at ordninga ikkje må føre til ein «elite», der mindre lag vert skadelidande. Det er viktig å påpeike at dei ålmenne tilskotsordningane (kulturmidlane) vil fortsetje innafor ein kvar tid gjeldande ramme.

Strategisk planarbeid vil vere viktig for å oppnå gode resultat i dette arbeid, slik at politiske prioriteringar kjem fram gjennom støtteordninga.

---

## **Retningsline for «Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom si verksemd har ekstraordinær lokal verdi»**

Alver kommune lyser ut midlar til driftstilskot til verksemder innan kultur og idrettsfeltet som har ei monaleg verdi for kulturlivet i kommunen og driv kommundefnande aktivitet og/eller verdi. Søknadsfristen er 01. mars kvart år. Søknadane skal handsamast i samband med økonomiplan.

Tilskot skal vere med å fremje eit aktivt og allsidig kunst-, kultur- og idrettsliv i Alver. Kvar tildeling skal grunngjevast med klar forankring i Alvers politiske målsettingar og strategiar innafor kulturområdet

## **Kven kan søke**

Aktørar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet i Alver kommune. Dette gjeld også aktørar som har hovudkontor utanfor Alver, men som driv si verksemd i kommunen. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell), ha eit tydeleg føremål innan kunst, kultur- og idrett og ha sterk verdi, det vil seie verdi for heile Alver kommune.

## **Kva kan ein få støtte til**

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Eit tilskot må vere knytt til verksemda sine eigne vedtekne føremål og planar, og grunngjeve ut frå Alvers politiske målsettingar og strategiar innafor kulturfeltet.

Tilskot har eit langsiktig, strategisk preg og går som hovudregel til varige føremål.

Ein kan maksimalt søkje for ein valperiode som er 4 år, gjeldande frå 2024. Innvilga søknadar gjeldande frå 2022, vil kunne gjelde fram til ny valperiode.

Det er dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske rammar som gjeld for ordninga. Tilskot gitt over fleire år vert rullert årleg i samband med økonomiplan.

## **Rapportering**

Lag/organisasjonar og institusjonar som mottek driftstilskot, skal rapportere på drifta i påfølgjande år etter dei har motteke støtte, og innan 01. mars. Ved rapporten skal det ligge føre godkjend årsmelding og rekneskap.

Om ikkje rapport blir levert innan frist, inneheld manglar, eller visar at tilskotet ikkje er nytta til formålet, vil vidare tilskot fråfalle og kommunen vil vurdere krav om tilbakebetaling for tidlegare år



**Vedlegg i saken:**

16.11.2020	Høyringsuttale Manger musikklag	1475186
16.11.2020	Høyringsuttale Eikanger Bjørsvik musikklag	1475187
16.11.2020	Høyringsuttale styret i Stiftinga Lyngheisenteret	1475188
16.11.2020	Høyringsuttale Lyngheisenteret Museumssenter i Hordland	1475189
16.11.2020	Høyringsuttale styret i Stiftinga Lyngheisenteret	1475190
16.11.2020	Høyringsuttale vestnorsk utvandringssenter Museumssenter Hordaland	1475191
16.11.2020	Høyringsuttale Knarvikmila AKS 77	1475192
16.11.2020	Høyringsuttale Alver Kulturråd	1475193
16.11.2020	Høyringsuttale - Edru livsstil Nordhordland	1475214
16.11.2020	Høyringsuttale Alver idrettsråd	1475240
16.11.2020	Høyringsuttale Nord og Midthrdland sogelag	1475241

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 30.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
066/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
141/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Prioritering av søknader om spelemidler 2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2021 slik det ligg føre i saka.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### OKK- 066/20 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2021 slik det ligg føre i saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

#### Bakgrunn

Spelemidler er ei tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Midlane er overskot frå Norsk tipping. Det kan søkjast om støtte til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg. Ordinære anlegg er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett, fysisk aktivitet, og friluftsliv. Nærmiljøanlegg er anlegg, eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Berre utandørsanlegg kan vera nærmiljøanlegg.

Alle innkomne spelemiddelsøknader, både søknader for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, skal vera omtala i anleggsstrategien/kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og prioriterast gjennom eit politisk fatta vedtak. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling utifrå ramme gitt av Kulturdepartementet.

Det er kome inn 25 søknader om tilskot til ordinære anlegg og 18 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg i Alver kommune.

Søknadsprioriteringa er i samsvar med Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Strategien vart rullert i kommunestyret 17.september sak 092/20.

## Saksopplysningar:

### Ordinære anlegg

Eit ordinært anlegg kan få inntil 1/3 av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I ordninga for ordinære anlegg må ein søkja minst tre gonger (tre år) for kvart anlegg før det kan få tildelt midlar. Dette gjeld uavhengig av kommunen si prioritering av innkomne søknader. Alle søknader må likevel stå på prioriteringslista, sjølv om dei ikkje kan få tilskot dette året.

Søknadene er prioriterte ut frå om dei er i posisjon for å få utbetaling i 2020, etter tre års minste ventetid, og *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024* sitt prinsipp om balanse av mellom private og offentleg søknader.

Rådmannen foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	Driving range, oppgradering, takoverbygg med øvingsområde	Meland Golf og Naturpark, Fløksand	Meland golf	2019	700 000
2	Garderobebygg	Austmarka	Radøy idrettslag	2019	1 827 000
3	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Stokkedalen	Radøy skyttarlag	2019	765 000
4	15 meter miniatyrbane	Seim	Seim skyttarlag	2019	1 800 000
5	Knarvik Arena – fleirbrukshall	Knarvik	Alver kommune	2018	10 400 000 (2 000 000 er allereie delutbetalt)
6	Fossemyra fotballhall 40x64m	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	5 000 000
7	Etablering av lager	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	1 000 000
8	Rehabilitering av grasbane	Hordabø	Hordabø IL	2020	135 000
9	Hus for drift og materiell	Hordabø	Hordabø IL	2020	848 000
10	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	2 360 000
11	Standplass	Lindås	Lindås skyttarlag	2021	1 000 000*
12	Klubbhus	Lindås	Lindås skyttarlag	2021	300 000*
13	Kunstgrasbane 9'ar	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL	2021	658 000
14	Basishall /turn	Alversund	Alver kommune	2020	4 000 000
15	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	2020	10 500 000
16	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	2020	60 000
17	Lyssett turveg	Manger	Alver kommune	2021	1 427 000

18	Klubbhus	Stokkedalen	Radøy skyttarlag	2021	1 705 000
19	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøyhallen	Alver kommune	2020	283 000
20	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	2020	300 000
21	Aktivitetssal	Sagstad skule	Alver kommune	2020	1 049 000
22	Orienteringskart	Eikanger/Baståsen	Idrottslaget Gular Orientering	2021	168 000
23	Dagsturhytte	Eldsfjellet	Alver kommune	2021	390 000
24	Dagsturhytte	Byngja	Alver kommune	2021	385 000
25	Dagsturhytte	Vardefjellet	Alver kommune	2021	385 000
					<b>47 445 000</b>

\*Søknadssummane er ikkje heilt avklart. Kan verta justert.

### Nærmiljøanlegg

Eit nærmiljøanlegg kan få inntil 50 % av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I denne ordninga kan ein få tilskot første gong ein søker. Kommunen si prioritering og den totale ramma i fylket vert såleis avgjerande for kva anlegg som får midlar. Prioriteringa under er i tråd med prioriteringsrekkefølga i *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024*:

Rådmannen foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	BMX-bane	Alversund skule	Alver kommune	2020	300 000
2	Utandørs bordtennisbord	Alversund skule	Alver kommune	2020	45 000
3	Rehabilitering ballbinge	Sæbø skule	Alver kommune	2020	110 000
4	Aktivitetsområde	Austebygd skule	Alver kommune	2020	169 000
5	Hinderløype	Leiknes skule	Alver kommune	2020	300 000
6	Sykkelbane	Leiknes skule	Alver kommune	2020	300 000
7	Utandørs bordtennis	Eikanger skule	Alver kommune	2020	46 000
8	Klatrevegg	Eikanger skule	Alver kommune	2020	76 000
9	Aktivitetsområde	Alversund skule	Alver kommune	2020	266 000
10	Baderampe	Nesvatnet	Alver kommune	2021	53 000
11	Minibane kunstgras	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	300 000
12	Pump track	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	250 000
13	Buldrestein	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	165 000
14	Trimpark	Grønålen, nordre sving	Manger Idrettslag	2021	75 000
15	Lysanlegg fleiraktivitetsområde	Grønålen	Manger Idrettslag	2021	104 000
16	Utandørs treningsapparat/ parkouranlegg	Grønålen, sørenden	Alver kommune	2021	170 000
17	Aktivitetsanlegg	Sæbø skule	Alver kommune	2021	300 000
18	Fleiraktivitetsområde	Manger skule	Alver kommune	2021	280 000

					<b>3 309 000</b>
--	--	--	--	--	------------------

Saka har vore på høyring til Alver idrettsråd, som støttar rådmannen si innstilling.

#### Oversyn tidlegare års tildelingar

##### Ordinære anlegg 2020

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Nordhordland pistolklubb	Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg	690 000
Alver kommune	Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering	1 308 000
Alver kommune	Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett	149 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, fotballhall	600 000
Alver kommune	Knarvik Arena, klatrehall	3 000 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett	276 000
Alver kommune	Knarvik Arena	2 000 000
		<b>8 023 000</b>

##### Nærmiljøanlegg 2020

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Alver kommune	Knarvik barneskule, streetbasket	289 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, skating og sykling	300 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde	53 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestsida	300 000
Alver kommune	Frekhaug torg, aktivitetssområde	300 000
Alver kommune	Meieriparken	266 000
Alver kommune	Sagstad skule, parkour/klatring/trimpark	89 000
Alver kommune	Sagstad skule, fleirbruksanlegg	241 000
Alver kommune	Alversund, minibane multisport	300 000
Alver kommune	Alversund skule, tursti	600 000
		<b>2 738 000</b>

##### Ordinære anlegg 2019

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Nordre Holsnøy IL	Vestbygd skule, kunstgrasbane 29m x 49m	583 000
Radøy kommune	Radøyhallen, lager	180 000
		<b>763 000</b>

##### Nærmiljøanlegg 2019

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Lindås kommune	Seim skule hinderløype	273 000
Lindås kommune	Seim skule zip line	273 000
Lindås kommune	Kvamsvågen sanitæranlegg	177 000
Lindås kommune	Kvamsvågen gapahuk	111 000

Lindås kommune	Hillandsvatnet baderampe	169 000
Lindås kommune	Knarvik ny barneskule turnapparat	300 000
Austebygda fritidspark	Austebygd Fritidspark BMX bane	118 000
Radøy kommune	Sæbø skule - aktivitetsanlegg (ballspel)	48 000
Radøy kommune	Grønålen, bocciabane	165 000
Radøy kommune	Radøy ungdomsskule, balanseline	46 000
		<b>1 680 000</b>

**Arkiv:** <arkivID>32T  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 27.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
047/20	Eldreråd	09.11.2020
052/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.11.2020
049/20	Ungdomsråd	05.11.2020
077/20	Utval for helse og omsorg	10.11.2020
109/20	Alver formannskap	12.11.2020
142/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.
2. Alver kommune skal ikkje ha meirkostnad til drift ved etablering av ordninga. Kommunale meirkostnader i prøveperioden skal dekkast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp.
3. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.
4. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

Ungdomsråd 05.11.2020:

**Handsaming:**

**UR- 049/20 Vuttale:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Eldreråd 09.11.2020:

**Handsaming:**

Fagansvarleg Helge Kvam-helse, sosial og omsorg administrasjon, orienterte og svara på spørsmål.

Jostein Dale sette fram følgjande tilleggsframlegg som punkt 5 i rådmannen sitt framlegg:

Det vert etablert eit feriefond.

Det vert sett av kr 500.000,- på fondet.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg, med tilleggsframlegget sett fram i møtet.

#### **ER- 047/20 utfale:**

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.
2. Alver kommune skal ikkje ha meirkostnad til drift ved etablering av ordninga. Kommunale meirkostnader i prøveperioden skal dekkast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp.
3. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.
4. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.
5. Det vert etablert eit feriefond. Det vert sett av kr 500.000,- på fondet.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:**

##### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg

Fellesframlegg v/Reidar Knutsen-SAFO:

RMNF støttar at det opnast for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne og at Alver kommune dekker kostnadane med administrering og sakshandsaming av ordninga. RMNF bed kommunestyret om at punktet «å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av Ordninga» tas ut av retningslinjene og punktet «Alver kommune dekker ekstrakostnader til løn» tas inn, subsidiært "Kommunen opprettar eit «feriefond» til full/delvis utgiftsdekking til løn, døgntillegg og diett". Ved tilsvarende prosjekter bør brukarorganisasjonene involveres direkte i prosjektarbeidet, ikke bare i referansegruppemøter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 052/20 utfale:**

RMNF støttar at det opnast for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne og at Alver kommune dekker kostnadane med administrering og sakshandsaming av ordninga. RMNF bed kommunestyret om at punktet «å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av Ordninga» tas ut av retningslinjene og punktet «Alver kommune dekker ekstrakostnader til løn» tas inn, subsidiært "Kommunen opprettar eit «feriefond» til full/delvis utgiftsdekking til løn, døgntillegg og diett". Ved tilsvarende prosjekter bør brukarorganisasjonene involveres direkte i prosjektarbeidet, ikke bare i referansegruppemøter.

#### **Utval for helse og omsorg 10.11.2020:**

##### **Handsaming:**

Fagansvarleg Helge Kvam i Helse og omsorg administrasjon orienterte og svarta på spørsmål.

Utvalsleiar Ståle Hauge (AP) sette fram følgjande felles framlegg:

HO si innstilling til kommunestyret:

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 - 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn "Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett



funksjonsevne" punkt 1-9, jamfør vedlegg, med følgande endringar i punkt 8.

Etter siste avsnitt i punkt 8:

Brukar kan søkje Alver kommune sitt «ferie- og fritidsreisefond» om dekking av faktura for kommunale meirkostnader. Støtte frå ferie- og fritidsreisefondet kan gis etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar for fondet.

2. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.

3. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

4. Alver kommune opprettar «ferie- og fritidsreisefond».

5. Det må utarbeidast reglement for «ferie og fritidsreise fond» som må leggjast fram for politisk behandling.

HO ber formannskapet arbeida med å oppretta eit «ferie- og fritidsreisefond» i budsjettarbeidet for 2021.

Brukarar som går inn under målgruppa i punkt 2 i "Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser for personar med nedsett funksjonsevne" kan søke om å få dekkja faktura for kommunale meirkostnader jamfør Punkt 8 i retningslinje.

Fellesframlegg sett fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes fellesframlegget.

#### **HO- 077/20 uttale:**

HO si innstilling til kommunestyret:

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 - 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn "Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne" punkt 1-9, jamfør vedlegg, med følgande endringar i punkt 8.

Etter siste avsnitt i punkt 8:

Brukar kan søkje Alver kommune sitt «ferie- og fritidsreisefond» om dekking av faktura for kommunale meirkostnader. Støtte frå ferie- og fritidsreisefondet kan gis etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar for fondet.

2. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.

3. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

4. Alver kommune opprettar «ferie- og fritidsreisefond».

5. Det må utarbeidast reglement for «ferie og fritidsreise fond» som må leggjast fram for politisk behandling.

HO ber formannskapet arbeida med å oppretta eit «ferie- og fritidsreisefond» i budsjettarbeidet for 2021.

Brukarar som går inn under målgruppa i punkt 2 i "Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser for personar med nedsett funksjonsevne" kan søke om å få dekkja faktura for kommunale meirkostnader jamfør Punkt 8 i retningslinje.

#### **Alver formannskap 12.11.2020:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg SP, AP, KRF og H ved S.Sekkingstad-SP:**

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.

2. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.

3. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

Kommunestyret vil vurdere moglegheita for å etablere eit fond for ferie- og fritidsreiser i samband med årsbudsjett for 2021.

Framlegget vart samrøystes vedteke

##### **Framlegg fra M.Klementsens-Uavh.:**

Fremjar det samrøystes vedtaket i utval for helse og omsorg.

Det vert oppretta eit fond på kr 0 ,- for 2020, og kr 500 000 ,- for 2021. Finansiering vert å kome tilbake til i økonomiplan for 2021-2024.

Framlegget fekk 4 røyster og fall, MDG og Uavh

### **FO- 109/20 innstilling:**

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.
2. Alver kommune dekkjer kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.
3. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

Kommunestyret vil vurdere moglegheita for å etablere eit fond for ferie- og fritidsreiser i samband med årsbudsjett for 2021.

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd samt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg samt formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Bakgrunn**

Praktisering av tilbod om kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for aktuell målgruppe har vore noko ulik i dei tidlegare kommunane Radøy, Meland og Lindås. Alver kommune ønskjer å samordne tilbod om ei slik ordning til målgruppa, og har gjennomført prosess for å utarbeide framlegg til retningslinje.

Rådmann v/administrativ styringsgruppe godkjente mandat for prosjektgruppa den 12.02.20 (vedlegg). Prosjektgruppa har vore:

- Bernt Fjordheim, tenesteleiar habilitering
- Vibeke A. Erstad, tenesteleiar psykisk helse og rus
- Eirik Utne, tenesteleiar kultur
- Cecilie F. Johannesen, avdelingsleiar psykisk helse og rus
- Lena Ytreland, HTV Fellesorganisasjonen
- Helge Kvam, fagansvarleg fagutvikling stab HO (prosjektleiar)

Prosjektgruppa har nytta referansegruppe for drøfting av innhald. Referansegruppa har i perioden hatt 3 formelle møte knytta til fase 1 og 2. I tillegg er deltakarane oppmoda om å gje skriftlege innspel etter eigne behov uavhengig desse møta. Skriftlege innspel ligg som vedlegg. Referansegruppe har vore:

- Eldreråd v/Kirsti G. Floen
- Eldreråd v/Olav M. Steinsland
- RMNF v/Bente O. Westervik
- RMNF v/Svein A. Vabø
- Ungdomsråd v/Edas Kondrotas
- Lokallag NFU v/Bjørn G. Knudsen
- HTV Fagforbundet v/Liv B. Haukås
- HTV Norsk Sykepleierforbund v/Silje Fanebust
- Verneombod v/Anne L. Stokholm
- Forvaltningskontor v/avd.leiar Kari Hesjedal
- Prestebrekka bufellesskap v/avd.leiar Lene Christensen
- Heildøgnbemanna butilbod psykisk helse og rus v/avd.leiar Marita Årseth

Mandat for prosjektgruppa legg opp til at arbeidet vart utført i to fasar:

Fase 1 – utarbeide framlegg til rammer for retningslinje. Dette inneber tema knytta til målgruppe, praktiske rammer, arbeidsmiljø og arbeidstidsordning samt økonomi. Ein har nytta referansegruppa for innspel og vurdering. Prosjektgruppa leverte si tilråding 18.08.20 (vedlegg). Saka var til uttale i eldreråd, RMNF og ungdomsråd og avgjerd var fatta i Utval for helse og omsorg 01.09.20 sak 028/20 (vedlegg).

Fase 2 – utarbeide framlegg til retningslinje med grunnlag i vedtatt ramme frå fase 1. Ein har nytta referansegruppa for innspel og vurdering. Retningslinja vert no lagt fram for politisk handsaming og vedtak.

### **Saksopplysningar:**

Rådmann vurderer at prosjektgruppa har levert ei tilråding datert 18.08.20 i fase 1 som omtaler aktuelle tema som er naudsynt å få belyst. Utval for helse og omsorg fatta vedtak om rammer for retningslinje i sak 028/20. Med grunnlag i vedtatt ramme ligg det no føre framlegg til retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne (vedlegg).

Ein vil ikkje gjennta dei ulike tema som er omtalt i prosjektgruppa si tilråding og som ligg til grunn for vedtak om rammer. Rådmann vil imidlertid peike på nokre moment som ligg til grunn for framlegg til vedtak.

Retningslinja sitt formål viser at Alver kommune ønskjer å legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk) skal kunne få eit tilbod om å gjennomføre ferie- og fritidsreise med kommunalt personell. Ordninga gjeld uavhengig alder og diagnose for den einskilde i målgruppa. Dette for at kommunen i størst mogleg grad søkjer å ivareta formålet for ordninga med omsyn til menneskeverd, autonomi, normalisering og livskvalitet. Vidare ønskjer ein å sikre at ferie- og fritidsreise vert planlagt og gjennomført forsvarleg, samt at vilkår for kommunal tenesteyting vert ytt i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk.

Ferie- og fritidsreise vert her definert som *«aktivitet, opplevelse eller reiser med overnatting, der hensikten er å få eit avbrekk frå dagliglivets gjeremål og andre fritidsaktivitetar»*. Ein tilrår å skilje mellom ferie- og fritidsreiser og anna naudsynt tur med overnatting. Overnattingsreiser som til dømes er knytta til dåp, gravferd, bryllup og sjukdom i nær familie vil kommunen søkje å legge til rette for uavhengig vilkår i retningslinja her.

Imidlertid vert kommunen utfordra med omsyn til at det per tid ikkje ligg føre lovgrunnlag som pliktar kommunane til å etablere ei slik ordning med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise. Ei heller ligg det føre økonomiske vilkår som støttar opp om dekking av kommunale meirkostnader ved ei slik ordning.

Døme på utrekning av meirkostnad finn ein i tilråding frå prosjektgruppa (vedlegg). Det er stor variasjon i kostnadsnivå grunna i den einskilde sine behov for kommunal bistand. Omfang av samla meirkostnad per år er ikkje kjent, og er avhengig av ulike faktorar som til dømes individuelle ønskjer for ferie- og fritidsreise (feriemål og tal døgn) kombinert med trong for bistand kommunalt personell. Når det gjeld arbeidsvilkår for kommunalt tilsette legg ein til grunn gjeldande avtaleverk samt sentral særavtale SGS 1010 Følgje av pasient/klient/buker/elev. Det er med andre ord knytta usikkerhet til kva kostnadsnivå etablering av ei slik ordning vil innebere.

Rådmann vurderer at Alver kommune er i ein økonomisk situasjon der ein per tid ikkje kan auke kostnadsnivå utan at ny kostnad er relatert til lovkrav og må prioriterast. Sjølv om rådmann ikkje kan tilrå auka kommunal kostnad no, ønskjer ein likevel å legge til rette for at den einskilde i målgruppa kan få høve til å få med kommunalt personell på ferie- og fritidsreise i ein prøveperiode.

Dette inneber at all kommunal meirkostnad ved etablering av retningslinja må betalast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp. Imidlertid tilrår rådmann at kostnader til administrering og sakshandsaming av ordninga vert dekkja av kommunen innan gjeldande driftsramme. Dette er ei ny oppgåve som ein per tid ikkje har avsatt ressursar til. Omfang av dette arbeidsområdet er per tid heller ikkje kjent, og avhenger av tal søkjarar til ordninga.

Med grunnlag i at det er usikkerhet kytt til økonomi samt andre effektar av ordninga tilrår rådmann at ein legg

til grunn ein prøveperiode for 2021 – 2022. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022 der ein kan gje ein ny vurdering av om vilkår for ordninga må justerast.

I vedtak frå Utval for helse og omsorg sak 028/20 (vedlegg) står det mellom anna: «Utval for helse og omsorg ber kommunestyret om å oppretta «feriefond i Alver kommune» i samsvar med prosjektgruppa sitt punkt 8.3 bokstav C».

Rådmann legg fram retningslinje der all kommunal merikostnad skal dekkast av brukar i prøveperioden. Om kommunestyret etablerer eit «feriefond i Alver kommune» med årleg ramme vil administrasjon etablere ei ordning der den einskilde som skal gjennomføre ferie- og fritidsreise med kommunalt personell kan søkje tilskot via eit slikt feriefond. Vilkår for ei slik ordning må ein kome tilbake til om dette vert realisert.

#### **Vedlegg i saken:**

23.10.2020	Tilråding frå prosjektgruppa - rammer for utarbeiding av retningslinje ferie og fritidsreise 18.08.20	1463405
23.10.2020	Utval for helse og omsorg 010920 sak 028 2020	1463406
23.10.2020	Mandat - Feriereiser for personar med hjelpebehov	1463571
19.08.2020	Skriftlege innspel frå referansegruppe sak 20/14092	1432478
19.08.2020	Skriftlege innspel frå referansegruppe – rammer for retningsline ferie og fritidsreise	1432479
27.10.2020	Retningslinje for kommunalt følgje på ferie-og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne	1465081
27.10.2020	Lokallag NFU - Innspel til retningslinjer for ferie- og fritidsreiser	1465086
30.10.2020	Alver kommune - Administrering av retningslinje ferie- og fritidsreise	1466901

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 02.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
074/20	Utval for helse og omsorg	10.11.2020
143/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg - Framlegg til planprogram

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg i Alver kommune tilrår at:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til planprogram for "Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg 2021 – 2033".

Vedtaket har heimel i plan- og bygningsloven § 11-13.

### Utval for helse og omsorg 10.11.2020:

#### Handsaming:

Utval for helse og omsorg vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### HO- 074/20 innstilling:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til planprogram for "Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg 2021 – 2033".

Vedtaket har heimel i plan- og bygningsloven § 11-13.

#### Politisk handsaming

Saka har vore til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Utval for helse og omsorg i Alver kommune fatta i møte 1.9.2020, sak 026/20, vedtak om oppstart av arbeidet med "Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg 2021 - 2033", og å leggje ut planprogram for kommunedelplanen til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

Planprogrammet skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Planprogrammet har lagt på høyring i perioden 11.9.2020 til 24.10.2020. I perioden har det kome inn 3 uttaler, 2 frå offentlege mynde og 1 innspel frå organisasjon. Innspela er tilgjengelege som vedlegg. Uttalene gir nyttig innspel til det vidare arbeidet med kommunedelplanen, men fører ikkje med seg endringar i sjølve

planprogrammet.

### **Saksopplysningar:**

Arbeidet med kommunedelplan for helse, sosial og omsorg skjer dels i tett samarbeid med utarbeidinga av kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplan for oppvekst. Rådmannen ser det difor som naturleg å kople nokre av dei innspela som er komen til samfunnsdelen til kommunedelplanen allereie no.

Det vidare arbeidet med kommunedelplanen vil dels byggje vidare også på desse. Samstundes gjer det synleg at fleire av dei strategiar, mål og tiltak vi skal arbeide fram ikkje er eigd berre av ein del av organisasjonen og krev samarbeid og samordning på fleire plan.

Vidare i saksframlegget velger rådmannen å opp summere innspel som særleg er knytt til prosess, medverknad og utviklingstrekk i Alver og sentrale tema i planprogrammet. Dei mottekne innspela fører ikkje til vesentlege endringar i planprogrammet etter rådmannens vurdering.

## **1. Prosess – korleis kommunen skal arbeide med kommunedelplanen**

*I uttalanane både til kommunedelplan og samfunnsdelen får Alver kommune “ros for å ha utarbeidd eit framlegg til planprogram som er oversiktleg, dekkande og på ein god måte trekkjer fram utfordringar og utviklingstrekk i kommunen. Får også støtte i at det blir lagt opp til tette koplingar mellom samfunnsdelen og arealdelen ved at det allereie i samfunnsdelen skal utviklast arealstrategiar.”*

## **2. Sentrale tema**

### Folkehelse

Fylkesmannen legg vekt på at fokehelseoversikta for Alver kommune må nyttast slik at folkehelseomsyn vert gjort kjent og teke hand om tidleg i prosessen. Vidare at grunnlaget gjer retning for utarbeiding av mål og strategiar i planarbeidet. Vi må strekke oss etter å gjere synleg den “raude tråden” frå grunnlag, gjennom plan og til handling.

### Berekraft og helsefremming

Fylkesmannen meiner bindinga mellom kommunedelplan og samfunnsdel er positiv og at dels felles prosess kan vere fornuftig.

## Sosial berekraft

Fylkesmannen seier at sosial berekraft utgjer ein del av essensen i fokehelselova og dei undertema som er tatt opp i planprogrammet er sentrale i arbeidet med utjamning av sosiale skilnader.

## Leve heile livet – Aldersvenlege samfunn

Fylkesmannen peiker på at “Leve heile livet-reforma” har 5 innsatsområde der aldersvenlege samfunn er eit av desse. Det er ei forventning om at kommunen skal gjere kartlegging, tydelege prioriteringar, ta medvitne val og desse skal innarbeidast i planverk og gjennomførast.

## Samordna bustad-areal og transportplanlegging

Statens vegvesen har gjeve innspel både til kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg. Dei peikar på at ein heilskapleg og gjennomtenkt bustadpolitikk er viktig for samfunnsutvikling samt *“også eit sentralt premiss for arbeidet med å få etablert gode heilskaplege tenester innanfor Helse, sosial og omsorg i kommunen. Store avstandar medfører meir bilbruk og kan vere til hinder for at den enkelte brukar vert gitt eit verdig tenestetilbod. Det er viktig at koplinga mellom folkehelse og transport vert vurdert i arbeidet med kommunedelplanen»*.

### **3. Lag og organisasjon**

Lindås revmatikarlag har gjeve eit grundig, interessant og omfattande innspel. I høve til dei grunnlaga Alver kommune arbeider med skal ein merk seg at revmatiske sjukdomar og muskel- og skjelett-sjukdomar ikkje er ein del av folkehelseprofilen, men ut frå NAV sin sjukefråvær og uførestatistikk er mottakarar knytt til denne gruppa stor. Innspelet syner vidare til anna oppdatert kjelde

Revmatikarlag syner til gjeldande/tidlegare plan for fagområdet vedteken i Lindås kommune og peiker på dei sentrale utfordringane som er skildra der. Vidare at til dømes kvardagsrehabilitering er ein viktig og sentral del for mange i det tenestetilbodet som vert gjeve. Knytt til tenester og tiltak vart det politiske miljøet før siste val utfordra på tema Frisklivssentralen, fysioterapi og varmtvatnbasseng som ein meiner er viktig som ein del av førebyggjande arbeid og helsegevinst.

Når det gjeld teknologisk utvikling og tilpassing ber laget kommunen ha med seg at prioritering av digital dialog ikkje går på bekostning av naudsynt nærheit og at ikkje grupper fell utanfor. Laget vonar at innspela vert tatt opp og at ein får moglegheit til å delta aktivt i arbeidet med plan.

#### 4. Medverknad

Overordna mynde er for så vidt nøyd med felles medverknadsprosess, men peiker på at vi kan vere tydelegare på korleis vi vil sikre medverknad frå alle grupper i kommunen.

Til samfunnsdelen vert det mellom anna understreka at *“Alver kommune bør legge stor vekt på medverknadsprosessar i arbeid med samfunnsdelen, med særskilt fokus på å involvere sårbare grupper og frivillige lag og organisasjonar. Dei peiker og på viktigheita av å inkludere innvandrarak i medverknadsprosessar for å auke samfunnsdeltakinga til denne gruppa.”*

#### 5. Utviklingstrekk i Alver kommune og felles tema for dei 3 planarbeida

Av dei tema som er peika på knytt til samfunnsdelen er det fleire som er aktuelle for kommunedelplanane Helse og Oppvekst. Knytt til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg vil rådmannen kortfatta trekke fram frå tilsvarande gjennomgang for samfunnsdelen:

##### Befolkningsutvikling

*Fleire av innspela kommenterer busetnadsmønsteret i kommunen, og peiker særskilt på at det er viktig at kommunen tek aktivt stilling til korleis ein skal arbeide for å styre veksten i folketalet til dei rette områda.*



### Samordna bustad-areal og transportplanlegging

Statens vegvesen viser til at dei som ikkje bur i senterområda er i dag i stor grad avhengige av å køyre bil. Dei skriv at omfanget av spreidd busetnad bør avgrensast og vekst bør fortrinnsvis skje i områder der det er mogeleg å leggje til rette for attraktive alternativ til privatbil. Eit tilpassa kollektivtilbod (buss, båt) må utgjere eit premiss i denne samanhengen. Dei utdjupar at det i samfunnsdelen også er viktig at koplinga mellom folkehelse og aktiv transport kjem tydeleg fram.

### Fellesskap og attraktive nærmiljø

Vestland fylkeskommune viser til regional planstrategi for Vestland 2020-2024 «Utvikling for Vestland», kor eit av fire hovudmål er: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland. Dei supplerer med å vise til gjeldande regionale føringar kor blant anna satsingar innan arkitektur, møteplassar, kunst, inkludering, deltaking og oppleving alle er viktig i denne samanhengen.

### Pendling og mobilitet

Fleire av dei offentlege instansane kjem med innspel knytt til tema pendling og mobilitet. Dette dreier seg i hovudsak om at det er viktig at kommunen satsar strategisk på å tilretteleggje attraktive bu- og næringsområde med gode kollektiv-, sykkel og gangtilbod.

### Levekår og folkehelse

Fylkesmannen i Vestland meiner kommunen visar god forståing for folkehelseomgrepet.

Dei meiner kommunen lister opp gode tema vi skal sjå nærmare på i arbeidet med samfunnsdelen, og legger til «sosial bustadpolitikk» som sentralt tema i arbeidet med utjamning av sosiale helseskilnader i folkehelsearbeidet.

### Oppvekst og utdanning

*Fylkesmannen i Vestland peiker på at det i arbeidet med å redusere sosial ulikskap i helse er det viktig å ha ei brei tilnærming, og ta med seg alle aldersgrupper. Dei presiserer at psykisk helse må vere løfta fram som aktuelt tema i samfunnsdelen.*

### Kultur, idrett og friluftsliv

*Vestland fylkeskommune skriv at samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet. Kulturliv, idrett, arrangement og kulturmiljø er kjelde til identitet og er ein viktig ressurs for å byggje Alver si framtid og bør integrerast tydeleg under fleire tema i samfunnsdelen*

## **Oppsummering**

Kommunedelplanen for Helse, sosial og omsorg er saman med tilsvarende plan for Oppvekst, kommuneplanens samfunnsdel og økonomiplanen nokre av dei mest sentrale styringsdokumenta for Alver kommune. Samla sett vil det verte utarbeidd ulike grunnlag og gjort langsiktige analysar knytt til ei rekke fagområder innan samfunnsutvikling. Desse skal danne grunnlag for arbeidet med mål, strategiar og tiltak.

I høve til hovudpunkta ovan for og dei innspela Alver kommune har motteke vil rådmannen kort peike på følgjande:

### **1. Prosess**

Planprogrammet var på høyring tidlegare i haust, og i mellom tida har perioden med felles medverknad starta. Ut frå oppsettet i dokumentet "Felles medverknad", kor vi ber om innspel til tema og innhald, er fleire aktivitetar er i gong. Rådmannen legg opp til at det vidare arbeidet med planen følgjer framdrift slik det ligg i planprogrammet. Det er likevel slik at framdrifta knytt til samfunnsdelen kan påverke kommunedelplanen.

### **2. Sentrale tema**

Planarbeidet tar med seg dei gode innspela med har motteke. Vi registrere at det ikkje vert etterlyst særskilte tema og at den tverrfaglege tilnærminga ved å gjennomføre dels felles prosess synast fornuftig som eit tverrfagleg grunnlag for samtale, deltaking og analyse.

### **3. Medverknad**

Sidan planprogrammet for samfunnsdelen blei lagt ut på høyring i vår, har prosjektgruppa for dei 3 planane jobba vidare med eit meir konkret opplegg for medverknadsperioden. Dette blei lagt

fram for Formannskapet som orienteringssak i møte 21. august 2020.

*I arbeidet med alle tre planane "kjem vi til å ha fokus på å byggje ein ny kommune og felles identitet. Vi skal dele kunnskap om prosessen på ein måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra. Dette skal vi gjere gjennom å bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon."*

Som følge av Covid-19 pandemien må vi diverre avgrense fysiske møter og deltaking på etablerte møteplassar. I staden skal vi tenkje nytt og i endå større grad bruke sosiale medium og digitale- og visuelle verkemiddel. Dokumentet «Felles medverknad for kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplanane for helse og omsorg og oppvekst» ligg vedlagt.

#### 4. Utviklingstrekk i kommunen og sentrale tema i planprogrammet

Rådmanne vil igjen peike på at mange av dei tema som vert lagt på bordet knytt til samfunnsplanlegging er tverrfaglege og er ikkje berre eigd av ein del av organisasjonen. Det gjer at planarbeidet og utforminga av desse 3 planane vil dels vere ein balanse mellom fag (vere i linja) og tema som gjeld fleire grupper i organisasjonen.

#### **Rådmannens vurdering og konklusjon**

I arbeidet med kommunedelplan (-ane) og samfunnsdelen skal vi definere og fastsette kommunens overordna mål og strategiar innanfor dei ulike samfunns- og tenesteområda. Planprogramma fokuserer på det som blir satsingsområda i den kommande kommuneplanperioden fram til 2033.

Med bakgrunn i planprogrammet blir no sjølve arbeidet med kommunedelplanen sett i gang. Rådmannen meiner at framlegg til planprogram er eit godt utgangspunkt for denne prosessen.

#### **Vedlegg i saken:**

18.11.2020	KDP HSO Framlegg Planprogram 010920	1476385
02.11.2020	Fylkesmannen Uttale KDP HSO	1468031
02.11.2020	Lindås Revmatikerlag Uttale KDP HSO	1468032
02.11.2020	Statens vegvesen Uttale KDP HSO	1468033
02.11.2020	2020-08-25 Felles medverknad	1468034
02.11.2020	Fokehelseprofil 2020 Alver	1468035
02.11.2020	Folkehelseoversikt 2020 Alver 210820	1468036

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 30.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
063/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
144/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til endeleg vedtak planprogram

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre gjer endeleg vedtak for framlegg til planprogram kommunedelplan oppvekst – Alver kommune, datert 30/10-2020.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-13

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:

#### Handsaming:

Orientering til saka v/Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse

Rådmannen sitt framlegg vart samrøytes vedteke.

#### OKK- 063/20 innstilling:

Alver kommunestyre gjer endeleg vedtak for framlegg til planprogram kommunedelplan oppvekst – Alver kommune, datert 30/10-2020.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-13

#### Politisk handsaming:

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

#### Bakgrunn:

Med bakgrunn i planstrategi 2020-23, utfordringsdokument og strategidokument for Alver kommune er det mellom anna bestemt å setje i gong utarbeiding av kommunedelplan for oppvekst. Samfunnsutvikling ved Plan og Analyse har difor starta opp planarbeid, der første fase er utarbeiding av planprogram.

#### Saksopplysningar:

I samsvar med reglane i plan og bygningslova §11-12,13 starta prosessen med utarbeiding av kommunedelplan oppvekst med kunngjering av oppstart og offentleg høyring og ettersyn av planprogram.

Sak om offentleg høyring og ettersyn av planprogram vart handsama slik:

045/20 Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020  
039/20 Ungdomsråd 12.10.2020  
039/20 Eldreråd 12.10.2020  
042/20 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020

Alle instansar med positiv innstilling og offentleg høyring og ettersyn vart vedteke.

Etter dette har planprogrammet vorte sendt på høyring og ettersyn til offentlege styremakter og til interne fagetatar. Samstundes vart programmet kunngjort for høyring og ettersyn via avisannonse og kommunen sine heimesider. Frist for å kome med merknad vart sett til 24/10-20. Dette i samsvar med reglane i plan og bygningslova §11-13.

Då høyringsperioden var over vart det registrert tre merknader til planprogrammet.

Det kom merknad frå:

FAU\_Knarvik

FAU\_Manger

Fylkesmannen i Vestland

Merknadene er vedlagt saka og lista i vedlagt merknadsoversikt. I oversikta er også rådmannen sine kommentarar til merknadene.

Når det gjeld medverknad frå FAU så er dei i planprogrammet nemnd i oversikta over referansegrupper. Men rådmannen tykkjer det er bra at dei melder seg på tidleg i planprosessen gjennom å gje uttale til planprogrammet.

Merknadene frå fylkesmannen går meir på utdjuping av satsingsområda og meir konkret skildring av medverknaden. Rådmannen er samd i at dette kan formulerast annleis, men er samstundes klar på at planprogrammet skal gje ei ramme og ikkje gje for stramme retningslinjer for utforming av satsingane planen. Når det gjeld medverknad så vil rådmannen vise til ei omfattande felles medverknad. Referanse til medverknadsplanen vert difor og teke inn i planprogrammet. (vedlegg) Rådmannen vil også nemne at i samband med overordna planlegging så vert no fagverktøyet «Framsikt» teke i bruk. Gjennom dette er det ei målsetting at planane skal verte meir standardiserte og samstundes ha betre kopling frå kommunedelplanane sin handlingsdel til økonomiplanane. Målsettinga er å få til «den raude tråden» mellom plan og handling/økonomi.

Rådmannen vurderer at planprogrammet, etter noko justering i samsvar med høyringsmerknadane, gjev ei god ramme for det kommande planarbeidet og rår til at det vert vedteke slik det no er framlagt.

#### **Vedlegg i saken:**

29.10.2020	Planprogram_framlegg_endeleg vedtak	1466862
29.10.2020	Merknadsoversikt	1466860
29.10.2020	Felles Medverknadsplan	1466861
23.10.2020	Uttale til planprogram for kommuneplan for oppvekst i Alver kommune	1464035
23.10.2020	Innspel til kommunedelplan	1463798
22.10.2020	Høyringsuttale - Planprogram	1463200

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 29.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
062/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.11.2020
108/20	Alver formannskap	12.11.2020
145/20	Alver kommunestyre	26.11.2020
	Ungdomsråd	

## Samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ny avtale mellom Austrheim og Alver kommunar om Kaland skulekrins som ein interkommunal skulekrins vert ikkje etablert. Elevar på 1.-7. trinn i tidlegare Åsheim skulekrins får Lindås barneskule som sin nærskule.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:

#### Handsaming:

Orientering til saka v/Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab

#### Fellesframlegg v/Thea Risøy-Krf:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tar saka til orientering, og ber formannskapet gjere endeleg innstilling til kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke

#### OKK- 062/20 uttale:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tar saka til orientering, og ber formannskapet gjere endeleg innstilling til kommunestyret.

### Alver formannskap 12.11.2020:

#### Handsaming:

##### Framlegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:

Formannskapet tar saka til orientering, og vil arbeide vidare med saka fram mot kommunestyremøtet 26. november.

Framlegget vart samrøystes vedteke (A.Byrknes-KRF var ikkje tilstades under røystinga)

#### FO- 108/20 innstilling:

Formannskapet tar saka til orientering, og vil arbeide vidare med saka fram mot kommunestyremøtet 26. november.

## Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020

Saka skal til innstilling i formannskapet 12.11.2020.

Saka skal avgjerast i kommunestyret 26.11.2020

## Bakgrunn

På Litlås (tomt Åsheim) var det bygd skulehus i 1906. Dette bygget brann ned i 1916. Austrheim kommune bygde då ny skule på Kaland. Austrheim var blitt eigen kommune i 1910.

Lindås kommune ville framleis ha skule på Litlås for sine elevar frå nordre del av Lindås kommune. Det vart derfor bygd nytt skulehus på branntomta i 1919 sjølv om tomta låg i Austrheim. Krinsen vart kalla Åsheim. På bakgrunn av skulelova av 1959 vart det foreslått å slå saman Kaland og Åsheim krinsar. Krinsane gjekk i mot, men skulestyra støtta framlegget. Samanslåinga fekk verknad frå hausten 1962. Då vart den interkommunale skulekrinsen Kaland oppretta slik at elevar frå nordre Lindås (tidlegare Åsheim) går på Kaland på barneskulen og på ungdomsskulen på Lindås. (jfr. Austrheim i fortid og notid, bind 1 og 4, 2000-2004).

## Saksopplysningar:

Elevar som i dag bur i tidlegare Åsheim skulekrins har i dag anledning til å gå på Kaland skule i Austrheim kommune. Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og dåverande Lindås kommune har til no regulert denne retten. Elevane på barneskulen, 1.-7. trinn, har i følge denne avtalen Kaland barne- og ungdomsskule som sin nærskule. Elevane i Åsheim-kretsen som skal byrja på ungdomsskulen har etter søknad blitt gjeve retten til å gå på Kaland ut ungdomsskuleåra.

Næraste barneskule og ungdomsskule i Alver kommune er på Lindås. Frå Hope-området i Åsheimkrinsen er det ca. 3 km (frå område ved bensinstasjonen) til Kaland skule. Til Lindås er det ca 9.3 km. Frå punkt ved Keilegavlen til Kaland er det ca. 5,2 km, til Lindås 14.4 km. Denne strekninga er gjennom Austrheim kommune. Frå kryss i Keilo er det tilsvarande ca 2.7 km og 12 km. (kart.hfk.no/skoleskyss). Det er altså kortare reiseveg frå Åsheim-krinsen til Kaland enn til Lindås. Det er god standard på reisevegen til Lindås, for det meste langs fylkesveg 57. Skuleskyss skal organiserast slik at elevane får ei forsvarleg reisetid innafor kommunegrensa, blant anna vil elevane sin alder bli vektlagt. Kva som er akseptabel reisetid vil måtta vurderast i kvart einskild tilfelle.

Til samanlikning er det 9,2 km frå punkt på Veland til Ostereidet barneskule. (12.9 om ein måler heilt frå Nesbø). Frå Hindenes til Ostereidet er det 13,7 km. Frå Skjelanger til Rosslund er det 11.4. Desse døma er på veg med vesentleg dårlegare standard.

## Kostnad

Tidlegare avtale mellom Alver (Lindås) og Austrheim kommunar inneber ein grunnsats på 25.000,- pr elev. I tillegg kjem kostnader til spesialpedagogiske og andre tiltak.

Austrheim kommune har 15.01.2020 sagt opp gjeldande avtale. Austrheim ønska i utgangspunktet at nytt grunnlag for eventuell ny avtale skal ta utgangspunkt i ordinær gjesteelevsats for Vestland (Hordaland). Ved ein eventuell vidareføring av dem interkommunale avtalen er det no semje mellom kommunane å ta utgangspunkt i ein sats på 35 000,-.

Gjeldande gjesteelevssatsar for kommunane i Vestland (Hordaland)

Grunnsats: 101 500,-

Spesialundervisning timepris barnetrinnet: 1 130,-

Timepris assistent: 330,-

\*satsane vert justert i forhold til lønsvest. Sist justert 01.01.2019.

Døme på kostnad med ulike grunnsatsar og eit elevtal på 35. I talet ligg fast medfinansiering av Austrheim PPT på 120 000,- og estimert spesialpedagogisk kostnad på 1 000 000,-

Grunnsats 25 000 (tidlegare avtale): 875 000,-

Samla kostnad: 1 995 000,-

Grunnsats gjesteelevsats 101 500,-	3 552 500,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>4 672 500,-</u>

Grunnsats 35 000,- (eventuell ny avtale)	1 225 000,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>2 345 000,-</u>

Grunnsats 75 000,-	2 625 000,-
<u>Samla kostnad:</u>	<u>3 745 000,-</u>

## Skys

Elevar frå Åsheimkrinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule har ikkje rett på skys på grunn av avstand. Elevar frå krinsen som går på Lindås vil ha rett til skys på ordinære fylkeskommunale vilkår. Kommunen betaler refusjon for persontakst for elevar i grunnskulen. Persontakst er laveste pris på ordinær einskildbillett.

Skysskostnad om elevane går på Lindås:

Takst 20,- pr person pr. reise

190 skuledagar (x2 t/r)

2019/2020: 31 elevar

Sum: 235 000,-

## Reisetid

Frå Hope er reisetid med buss til skulestopp på Lindås 14-16 min. Frå kryss i Kjeilen til Lindås 15-17 min. Skulebuss frå strekninga langs Keilegavlsvegen vil gje 5-10 min meir reisetid for dei som bur lengst vekk.

Skyss/Kringom, ansvarleg for skuleskyss i Vestland fylkeskommune, har følgjande rettleiande rammer for samla reisetid for elevar:

- Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn
- Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn
- Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn

## Kaland skulekrins

Kaland skulekrins er ein interkommunal krins beliggande i Austrheim og Alver kommunar. Elevane som bur i Alver kjem frå tidlegare Åsheim skulekrins.

Elevane frå denne krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule er ikkje gjesteelevar, men har ut frå noverande ordning dette som sin skulekrins. Krinsen har etter gjeldande avtale vore administrert av Austrheim kommune. For at kommunar skal ha anledning til eit slik samarbeid, må kommunane i tillegg til ein samarbeidsavtale ha likelydande forskrift om kva område i kommunane som soknar til denne skulen.

*To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale.*

*Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:*

- a. opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei*

*gitte områda soknar til*

- b. det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnad til skyssordning*
- c. varigheita på avtalen*



- d. *reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- e. *anna som etter lov krev avtale*

*(Opplæringslova § 8-1 andre ledd).*

### **Nærskuleprinsippet**

Utgangspunktet for nærskuleprinsippet er at nærskulen må liggja i bustadkommunen. Bustadkommunen kan ikkje påleggja ein elev å gå på skule i ein annan kommune (jfr. UDIR: regelverkstolkningar, Fylkesmannen i Nordland 2013, «*Nærskuleprinsippet's betydning for fastsettelse av skolekretsgrenser*») Elevar i Åsheimkrinsen vil alltid ha ein rett til å gå på næraste skulen i Alver kommune.

### **Gjestelevlar**

Alver har i dag elevar som er gjesteelev i annan kommune. Barn som bur i forsterheim eller er plassert utafor kommunen av barnevernstenesta eller fylkesnemnda, er dømte på elevar som er gjestesteelevar i annan kommune der Alver har det økonomiske ansvaret.

### **Kapasitet Lindås barneskule**

Lindås barneskule har pr. september 2020 17 elevar på 1.- 7. trinn. Skulen har ein kapasitet til 360 elevar. Kjem det t.d. 5 nye elevar på kvart trinn vil det ikkje medføre klassesdeling. Den største klassen på skulen er 1. klasse med 21 elevar. Det største trinnet er 6. trinn med 39 elevar. Dei er delt i to klassar. Det vil ikkje medføre auka kostnader til klassesdeling om elevane frå tidlegare Åsheim krins går på Linds barneskule.

### **Kommunen sitt ansvar**

Kommunen er ansvarlig for å oppfylle opplæringsretten for dei som bur i kommunen. Alver kommune vil fortsatt ha ansvaret for at elevane frå Åsheimkrinsen får oppfylt sin rett til grunnskuleopplæring sjølv om dei går på Kaland. I praksis har ansvaret for opplæringa til desse elvane lagt til Austrheim kommune. Det er ei stor gruppe med elevar tilhøyrande Åsheim/Alver som går på Kaland barne- og ungdomsskule. Utgangspunktet for kommunen sitt ansvar er å oppfylla retten til grunnskuleopplæring innafør kommunen sine grenser. Kommunen som skuleeigar skal ha eit aktivitet og tett samarbeid om opplæringstilbodet til alle grunnskuleelevane som bur i Alver kommune. Eit framhald av dagens løysing for elevane i Åsheimkrinsen vil innebera eit tettare samarbeid mellom kommunane om opplæringa til desse elevane. Dette vil vera med på å sikra at alle elevane i kommunen får eit likeverdig tilbod.

### **Samla vurdering**

Rådmannen foreslår i framlegg til vedtak at ny avtale mellom Austrheim og Alver kommunar om Kaland skulekrins som ein interkommunal skulekrins ikkje vert etablert. Elevar på 1.-7. trinn i tidlegare Åsheim skulekrins får Lindås barneskule som sin nærskule. Austrheim kommune har sagt opp avtalen som regulerer skuletilhøyrigheita til elevar frå tidlegare Åsheim skulekrins. Utgangspunktet for nærskuleprinsippet er at nærskulen skal liggja i bustadkommunen og ein kan ikkje påleggja elevar å gå på skulen i annan kommune. Ein ny avtale om ein interkommunal skulekrets, Kaland barne- og ungdomsskulekrins, vil med utgangspunkt i grunnsats tilsvarande gjesteavtale medføre ei betydeleg auke i kostnadane. Det er og kort reiseavstand mellom elevane frå denne delen av Alver og Lindås barneskule. Lindås barneskule har god kapasitet til å ta i mot elevane frå tidlegare Åsheim krins, og det vil ikkje medføre klassesdeling.

Ein eventuell ny avtale vil regulera ikkje berre dei økonomiske rammene, men og korleis Alver kommune skal følgja opp sine elevar i den interkommunale skulekrinsen. Det er lagt til kommunen å organisera tenestene for sine innbyggjarar. I det ligg og ansvar og oppfølging av retten til opplæring. Det vil vera vesentleg lettare å gje ei helskapeleg oppfølging til alle elevane i Alver om dei går på skule i Alver kommune.

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 05.11.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
107/20	Alver formannskap	12.11.2020
146/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

Framlegg til ny Forskrift 01. januar 2021 om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek ny forskrift og oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement», gjeldande frå 1.1.2021.

Alver formannskap 12.11.2020:

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 107/20 innstilling:**

Kommunestyret vedtek ny forskrift og oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement», gjeldande frå 1.1.2021.

**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Formannskapet  
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**Bakgrunn**

**Saksopplysninger:**

Kommunal og Moderniseringsdepartementet har i brev av 4. desember 2019 kome med påminning og veiledning om utarbeiding av forskrift knytt til folkevalde si rett til godtgjering og utgiftsdekking. Våre «Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde» er integrert i «Politisk styringsstruktur og reglement». Kva godtgjering folkevalde i Alver kommune skal ha er ikkje utforma som forskrift, og må difor utarbeidast på nytt i tråd med Forvaltningslova § 2 første ledd bokstavane a og c.

**Vurdering:**

Den nye kommunelova (kapittel 8) gav føringar for utarbeiding av regler knytt til godtgjering for folkevalde og at dette må utformast som ei forskrift når lova trådte i kraft. Framlegget til forskrift er utarbeide med grunnlag i satsar og regler i «Politisk styringsstruktur og reglement», vedteke av Alver kommunestyre 17.10.2019. Det er

gjort vesentlege endringar i sjølve dokumentet, ved at «Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde» er tatt ut og omarbeida til ei forskrift. I framlegg til forskrifta er det gjort nokre få presiseringar og avgrensingar. Dei mest vesentlege endringane er kommentert i saksframstillinga.

Forskrifta har vore til høyring i dei politiske partia (sjå fsak 079/20) som er representert i kommunestyret, med fire veker frist for innspel. Det er ikkje kome inn framlegg/høyringssvar.

Relevante endringar frå opphавеleg reglement (datert 17.10.19) til ny forskrift, gjeldande frå 1.1.21:

§ 1 Føremål er ny formulering – skal vere føremål i alle lovar og forskiftar. Framlegg til tekst er henta frå departementet sitt skriv.

§ 2 Frist for framsetting av krav, 90 dagar er ny. Skal sikre god moglegheit for etterprøving av utgifter som den folkevalde ynskjer refundert og at utgifter til politisk verksemd vert bokført raskast mogeleg for å kunne føre utgiftene i rett kvartal/år.

§ 3 Skal det utdypast kva legitimasjon som krevst eller skal dette utbetalast utan krav til dette? Gjeld § 2 første ledd bokstav b.

§ 3 siste ledd. Nokre verbale presiseringar er gjort, ikkje reelle endringar.

§ 4 Det er rydda i teksten og varaordførar er inkludert i same avsnitt som ordførar.

§ 5 ny siste setning per 2.11.20: Fast og variabel møtegodtgjerle vert utbetalt fire ganger i året.

§ 8 Forskrifta tek til å gjelde frå den er vedteke i kommunestyret.

Avsnitt med lønsfastsetjing for rådmann er flytta til «Reglement for formannskapet», i oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement». Siden framlegget var til høyring er det lagt til ny setning under § 5, sjå over. Utover dette er det ikkje føreteke endringar i dei opphavelege dokument og rådmannen meina difor det ikkje er naudsynt å ha ny politisk prosess knytt til justeringane/oppdateringane av ny forskrift og «Politisk styringsstruktur og reglement».

#### **Vedlegg i saken:**

05.11.2020	Forskrift gjeldande frå 1.1.21	1469659
05.11.2020	Politisk styringsstruktur og reglement vedteke av KO 17.10.2019	1469847
05.11.2020	Politisk styringsstruktur og reglement vedteke av KO 17.10.2020	1469848

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 02.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
105/20	Alver formannskap	12.11.2020
147/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Retningsliner sal av eigedom

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Retningsliner for sal av fast eigedom for Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.»

### Alver formannskap 12.11.2020:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### FO- 105/20 innstilling:

«Retningsliner for sal av fast eigedom for Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.»

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Bakgrunn for saka er mellom anna å finne i

- Temaplan for bygg og eigedom 2021 – 2022, kartlegging status og vedlikehaldsbehov
- Økonomiplan Alver 2020-2023 / forslag til økonomiplan 2021 - 2024 der eitt av tiltaka er optimalisering av bygningsmassen

Optimalisering av bygningsmassen handlar både om kjøp av bygningar og eigedomar, og sal av bygningar og eigedomar. Dette med sikte på god økonomi i eigedomsforvaltninga.

Saka blir fremma fordi det er behov for klare retningsliner som kommunen kan nytte i saker som gjeld sal av kommunal eigedom. Dei foreslåtte retningslinene skal sikre føreseieleg og effektiv saksgang. Retningslinene tek mellom anna for seg salsprosessen, behovsvurdering og kriterie for vurdering. Retningslinene legg også til rette for å nytte kommunal eigedom som ledd i samfunnsutviklinga, både gjennom moglegheit for direktesal, og ved bruk av særskilde salsvilkår. Retningslinene klargjer rammene for kva rådmannen kan iverksette.

Det vil bli fremma ei eiga sak tidleg i 2021 som omhandlar konkrete forslag til kva eigedomar kommunen bør kunne leggje ut for sal.

#### Saksopplysninger:

#### Forholdet til anna regelverk og inngåtte avtalar

Fast eigedom er grunn, bygningar og andre innretningar som er varig bunde til grunnen. Når utbygde

eigedomar blir selt, vil eksisterande bygg normalt følgja med ved salet av grunnen. Sal av fast eigedom er regulert i avhendingslova. Retningslinene som blir lagt fram i denne saka er eit supplement til avhendingslova og andre lover/forskrifter som regulerer prosedyrar for avhending av fast eigedom.

Nokre gonger kan det vere inngått avtale om forkjøpsrett eller opsjon til fordel for ei privat verksemd eller privatperson. Inngåtte avtalar er bindande og må følgjast. I slike tilfelle må kommunen gjere unntak frå retningslinene om sal av fast eigedom.

### **Delegasjon av fullmakter og lovverk**

I kommunestyresak 015/20 er Rådmannen er gitt fullmakt til å kjøpe og selje: *«areal og eigedomar som ikkje har prinsipiell eller strategisk verdi, innafor ei ramme på 10 mill.*

*I saker der det er tvil om prinsipiell verdi, skal rådmannen ha dialog med ordførar og varaordførar. Rådmannen skal rapportere på kjøp og sal av bustader, areal og eigedomar i samsvar med rapporteringsrutinar i økonomireglementet.»*

Retningslinene gjeld så langt anna ikkje følgjer av lov, forskrift eller allereie inngåtte avtalar. Rådmannen si vurdering av førespurnader om kjøp av kommunal eigedom skal følgje retningslinene, og eventuelle avvik må fremmast for politisk behandling.

### **Nærare om nokre av punkta i retningslinene**

#### Punkt I - Om festetomt

Ein festeeigedom er ein eigedom som kommunen leiger ut til den som har eller skal oppføre bygg på eigedomen. Festeforholdet følgjer lov om tomtefeste som ved bortfeste av bustadtomt kan gi festar krav på å innløyse festetomta. Ved innløsning har festar rett til å overta tomta til ein lovregulert pris. Ettersom innløsning er regulert av tomtefestelova, vil ikkje Retningslinene for sal av eigedom gjelde festetomt. Dersom festeavtalen ikkje blir omfatta av tomtefestelovas innløysingsrett, skal verditakst leggjast til grunn ved sal til festar.

#### Punkt II - Sakshandsaming og fastsetjing av kjøpesum

Fastsetting av pris kan variere etter ulike typar eigedomar og ulike kjøpegrupper. Hovudregelen er likevel at sal av kommunal eigedom skal skje til marknadspris.

Når det gjeld sal til verksemder, blir dette omfatta av forbodet mot offentleg statsstøtte i EØS-avtalen, og avhending må skje til marknadspris. ESA (EFTA sitt overvakingsorgan) sine retningsliner gjev to alternative prosedyrar som begge sikrar at eigedomen blir selt til marknadspris:

- a) Ope sal etter kunngjering og bodrunde
- b) Direkte sal

Eigedomen skal som utgangspunkt seljast til høgstbydande. Det kan likevel gjerast unntak frå dette prinsippet dersom eit bod totalt sett vil vera meir økonomisk fordelaktig for kommunen samanlikna med det høgaste bodet. Dette kan m.a. vera aktuelt når kommunen har stilt spesielle vilkår knytt til salet.

Dersom prosedyrane om sal til marknadspris som nemnt ovanfor ikkje blir følgde, bør salet meldast til ESA gjennom ein eigen prosedyre (notifikasjon).

Sal av kommunal eigedom til privatpersonar, t.d. bustadtomter og leilegheiter, blir likevel ikkje omfatta av forbodet mot offentleg støtte. Prinsippa i forvaltningslova om likebehandling og forbod mot vilkårligheit vil vere styrande for behandlinga ved sal til private.

#### Punkt III – Om særskilde vilkår

Forslaget til retningsliner for sal av eigedom, opnar for bruk av særskilde vilkår og føreset at vilkåra vert vurdert i samband med sal av større eigedomar. Døme på aktuelle kontraktsvilkår er krav om bustadsosiale omsyn, klima- og miljøtiltak og gjenkjøpsrett knytt til etterfølgjande privat utbygging av eigedom.

Vilkår som kommunen stiller ved salet kan krevje langsiktig oppfølging og gje negativt utslag i prisen som kommunen kan oppnå. Ved direkte sal må vilkåra blir konkretiserte i grunnlaget for utarbeidinga av verditaksten slik at den gir uttrykk for korrekt marknadspris. Det vil ofte vera vanskeleg for ein takstmann å

vurdera kor stor innverknad vilkåra vil ha ved utrekning av marknadsprisen, og dette kan føre til at salet bør gjennomførast som ein bodprosess. Dei særskilde vilkåra må i så fall komma fram i salsdokumentet.

Punkt IV – Om eigedomar som krev særskild vurdering før sal

Kommunen får mange søknader om kjøp av tilleggsareal til bustadtomt. Desse tilleggsareala er ofte regulert som grøntområde/friområde eller leikeareal, og bruk av areala til bustadformål vil slik vere i strid med reguleringsplanen. Sal av eigedom der formålet for kjøpet er i strid med reguleringsplanen bør som hovudregel ikkje godkjennast. Eit eventuelt unntak kan vurderast dersom kjøpar får godkjent dispensasjon eller omregulering av arealet. Ettersom slike prosesser kan ta lang tid og vere kostbare for kjøpar er det viktig at kommunen som eigar av eigedomen avklarar om eit sal er aktuelt eller ikkje, uavhengig av eventuell framtidig planstatus.

**Vedlegg i saken:**

30.10.2020      Vedlegg 1 - Retningslinjer sal av kommunal eigedom -      1467042  
Alver kommune

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 05.10.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
066/20	Utval for næringutvikling og drift	14.10.2020
148/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Temaplan bygg og eigedom

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner temaplan for bygg og eigedom for perioden 2021-2022. Temaplan for bygg og eigedom er utarbeida for å samanfatte status, behov og prioriteringar innanfor vedlikehald, forvaltning og utvikling av kommunale bygg og eigedommar.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

### Utval for næringutvikling og drift 14.10.2020:

#### Handsaming:

Tenesteleiar for eigdomsforvaltning, Line Valle, orienterte og svara på spørsmål.

#### Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande tilleggframlegg:

Kommunestyret vil be administrasjonen om å vurdere totalmengda av kommunalt eig bygningsmasse og eigedom opp mot trong og formål, og om det er noko som kan avhendast. Kommunestyret bed om at dette kjem opp som ei eiga sak, inkludert formålmessige og økonomiske konsekvensar.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt tilleggsframlegg.

#### **ND- 066/20 innstilling:**

#### Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande innstilling i sak 066/20 - Temaplan for bygg og eigedom for perioden 2021-2022:

Kommunestyret godkjenner temaplan for bygg og eigedom for perioden 2021-2022. Temaplan for bygg og eigedom er utarbeida for å samanfatte status, behov og prioriteringar innanfor vedlikehald, forvaltning og utvikling av kommunale bygg og eigedommar.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Kommunestyret vil be administrasjonen om å vurdere totalmengda av kommunalt eig bygningsmasse og eigedom opp mot trong og formål, og om det er noko som kan avhendast. Kommunestyret bed om at dette kjem opp som ei eiga sak, inkludert formålmessige og økonomiske konsekvensar.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i næringsutvikling og drift.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

## **Bakgrunn**

Planstrategien for Alver kommune vart godkjent av kommunestyret i møte 14.05.2020. Den byggjer m.a. på at plansystemet skal vere eit godt grunnlag for politisk styring og administrativ oppfølging, med god forankring frå overordna planar til gjennomføring av tiltak (handlingsplanar).

Det er ei rekkje planar og strategiar som skal gjennomførast i perioden 2020-2023. Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er naturleg nok høgt prioritert, sidan denne legg grunnlaget for all anna planlegging i kommunen.

For teknisk sektor sin del, betyr det at nye hovudplanar innan veg, vatn, avløp, trafikksikring, eigedomsforvaltning og landbruk i hovudsak får oppstart tidlegast i andre halvår 2021.

I mellomtida er det dei tidlegare godkjente temaplanane/tiltaksplanane/hovudplanane i samanslåingskommunane som blir lagt til grunn for arbeidet innan sektoren. For å få oversikt over oppgåveområda og vidare kartlegge status og tilstandar, vurdere behov for tiltak, finne dei kritiske prioriteringane m.v., er det lagt ein strategi for å samanstille dei tidlegare godkjente planane i felles temaplanar.

Formannskapet fekk presentert denne strategien i møte 27.05.2020. Presentasjonen er samla i eit strategi- og styringsdokument for TFD for perioden 2020 – 2022. Målformuleringane i temaplanen følgjer av dette dokumentet.

Temaplanen for 2021 – 2022 har ikkje vore sendt ut på høyring. Planen legg til grunn status og kartleggingar frå dei tidlegare kommunane. Når arbeidet med ny hovudplan starter, andre halvår 2021, blir vanleg planprosess med høyringar mm følgd.

## **Saksopplysninger:**

Temaplan for bygg og eigedom er utarbeida for å samanfatte status, behov og prioriteringar innanfor vedlikehald, forvaltning og utvikling av kommunale bygg og eigedommar. Det er ikkje laga noko tilsvarande temaplan i dei tidlegare kommunane.

Gjennom kartleggingsarbeid og vernerundar i 2020 har ein dokumentert tilstand og behov for ein stor del av Alver sine bygg og eigedommar. Temaplan for bygg og eigedom skal vere styringsdokument fram til ny plan er utarbeida og vedtatt.

Bustader, bygg og uteområder utgjer dei fysiske rammene for våre liv og gjev viktige føresetnader for gode levekår. For å sikre gode arbeidstilhøve og levekår for brukarane av våre bygg og anlegg, må ein arbeide forebyggjande med vedlikehald. Teknisk forvaltning og drift er i ferd med å etablere ein metode for verdibevarande vedlikehald som sikrar jamnleg og behovsprøvd utvikling av eigedomsmassen til kommunen. Målet er at riktig drift, vedlikehald, forvaltning og utvikling skal bremse forfallet og minske kostnader ved å ta tak i utfordringar før dei vert kritiske.

Ut frå kartleggingane og vernerundar er det sett opp ein handlingsplan for å bremse forfall og utføre det mest kritiske av vedlikehaldsbehov som er avdekkja.

Etter at temaplanen er sluttbehandla, vil det vere økonomiplan og årsbudsjett som legg rammer for kva tiltak det er mogeleg å gjennomføre. Prioriteringane vil gå fram av etterfølgjande årleg handlingsplan.

## **Vedlegg i saken:**

05.10.2020 Temaplan Bygg og eigedom\_rev00

1455166



Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 02.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
161/20	Utval for areal, plan og miljø	11.11.2020
149/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Temaplan trafikksikring - revidert

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Kommunestyret godkjenner temaplan for trafikksikring for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.  
Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

### Utval for areal, plan og miljø 11.11.2020:

#### Handsaming:

##### Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Utval for areal, plan og miljø ber om at saka vert retta opp før den går til kommunestyret, ved at vedtaket gjort i kommunestyret i Radøy kommune den 13.12.2018, sak 048/2018 vert lagt inn i temaplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### APM- 161/20 innstilling:

Utval for areal, plan og miljø ber om at saka vert retta opp før den går til kommunestyret, ved at vedtaket gjort i kommunestyret i Radøy kommune den 13.12.2018, sak 048/2018 vert lagt inn i temaplanen.

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø.  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Saka var oppe i kommunestyret 29.10.2020 som sak 118/20. Etter framlegg frå Leif Taule vart saka sendt tilbake til APM for ny handsaming.

13.12.2018 vart Handlingsplan i Trafikksikringsplan for Radøy rullert etter vedtak i kommunestyret, sak 048/2018. Dette vedtaket er no lagt inn som del av «vedlegg 1 - tiltaksliste fysiske tiltak vegnettet i Alver kommune» og «Temaplan trafikksikring 2020-2022» er oppdatert med at Trafikksikringsplan Radøy vart revidert i 2018.

Planstrategien for Alver kommune vart godkjent av kommunestyret i møte 14.05.2020. Den byggjer m.a. på at plansystemet skal vere eit godt grunnlag for politisk styring og administrativ oppfølging, med god forankring frå overordna planar til gjennomføring av tiltak (handlingsplanar).

Det er ei rekkje planar og strategiar som skal gjennomførast i perioden 2020-2023. Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er naturleg nok høgt prioritert, sidan denne legg grunnlaget for all anna planlegging i kommunen.

For teknisk sektor sin del, betyr det at nye hovudplanar innan veg, vatn, avløp, trafikksikring, eigedomsforvaltning og landbruk i hovudsak får oppstart tidlegast i andre halvår 2021.

I mellomtida er det dei tidlegare godkjente temaplanane/tiltaksplanane/hovudplanane i samanslåingskommunane som blir lagt til grunn for arbeidet innan sektoren. For å få oversikt over oppgåveområda og vidare kartlegge status og tilstandar, vurdere behov for tiltak, finne dei kritiske prioriteringane m.v., er det lagt ein strategi for å samanstille dei tidlegare godkjente planane i felles temaplanar.

Formannskapet fekk presentert denne strategien i møte 27.05.2020. Presentasjonen er samla i eit strategi- og styringsdokument for TFD for perioden 2020 – 2022. Målformuleringane i temaplanen følgjer av dette dokumentet.

Temaplanen for 2021 – 2022 har ikkje vore sendt ut på høyring, sidan den samanstillar og vidarefører allereie godkjente planar, behandla av dei tre tidlegare kommunestyra. Desse vedtaka er ikkje oppheva ved kommunesamanslåinga. Når arbeidet med ny hovudplan starter, andre halvår 2021, blir vanleg planprosess med høyringar mm følgd.

#### **Saksopplysninger:**

I tillegg til planane frå samanslåingskommunane har Trygg Trafikk sin mal for oppbygging av trafikksikringsplanar vore nytta til utforming av temaplanen.

Alle dei tre samanslåingskommunane har jobba systematisk og godt med trafikksikring i mange år. Likevel syner kartlegginga at Alver kommune har mange utfordringar knytt til trafikksikringsarbeidet. Kort oppsummert:

- Skulevegane i kommunen går i stor grad langs fylkesvegnettet. Gang-/sykkelvegnett er lite utbygd utanfor sentrale strøk og dei som er bygd er ofte i dårleg stand og utan samanheng. Det er mørkt, smalt, dårlege vegskuldrar og ofte høg trafikk på desse vegane.
- Trangt med tanke på av-og påstigning rundt fleire skular.
- Rekkekantar har stort behov for oppgradering.
- Fleire høgt utsette ulykkesstrekningar i Alver.
- Informasjon for å oppretthalde og sikre gode haldningar og åtfærd.

Etter at temaplanen er sluttbehandla, vil det vere økonomiplan og årsbudsjett som legg rammer for kva tiltak det er mogeleg å gjennomføre. Prioriteringane vil gå fram av etterfølgjande årleg handlingsplan.

#### **Vedlegg i saken:**

02.11.2020	Temaplan trafikksikring 2020-2022	1467875
02.11.2020	Vedlegg 1 - tiltakslistar fysiske tiltak vegnettet i Alver kommune	1467876

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 29.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
072/20	Utval for næringutvikling og drift	11.11.2020
150/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Lokal forskrift om påslepp av olje og fetthaldig avløpsvatn i Alver kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i forureiningsforskriften § 15-6 godkjenner Alver kommune lokal forskrift om påslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn slik den fremkommer i vedlegg av 29.10.2020.

### Utval for næringutvikling og drift 11.11.2020:

#### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### ND- 072/20 innstilling:

Med heimel i forureiningsforskrifta § 15-6 godkjenner Alver kommune lokal forskrift om påslepp av olje- og fetthaldig avløpsvatn slik det kjem fram i vedlegg av 29.10.2020.

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Alver kommune er forureiningsmynde for påslepp av olje- og fetthaldig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett. Det er utabeida ei lokal forskrift for å sikre at olje- og fetthaldig avløpsvatn vert fjerna ved kjelda, og for å sørge for at olje og fettutskiljar får rett drift slik at dei fungerer etter intensjonen.

#### Saksopplysninger:

Frå 1/1-2020 er kommunane Meland, Radøy og Lindås slått saman til Alver kommune. Av dei tre kommunane er det berre Lindås kommune som har hatt ei lokal forskrift om utslepp av fetthaldig avløpsvatn. Fett og olje påfører kommunen store drifts- og vedlikehaldskonstader som kommunen må dekke inn gjennom kommunale gebyr.

Ved å godkjenne ei lokal forskrift vil kommunen kunne redusere sine driftsoppgåver på avløpsnett, pumpestasjoner og renseanlegg. Ein vil også kunne redusere tilstopping av avløpsnett med påfølgjande forureiningar av miljø, samt redusere hendingar med tilbakeslag av kloakk i bygg.

Konsekvenser for verksemder er at dei må dokumentere sitt påslipp ved analyser, og etablere muligheit for å

hente ut vassprøver dersom slike muligheier ikkje er finnes.

Av forureiningsforskriften kap. 15 fremgår bla:

#### **§ 15-6. Lokal forskrift**

*Kommunen kan fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i fra forurensningsmessige forhold eller brukerinteresser. Kravene i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 15-7.*

#### **§ 15-7. Utslipp**

*Ved utslipp av oljeholdig avløpsvann skal oljeinnholdet ikke overstige 50 mg/l.*

*Oljeholdig avløpsvann skal før utslipp passere sandfang eller lignende rensinnetning dimensjonert for maksimal reell vannbelastning. Nødvendig sikkerhet mot akuttutslipp skal ivaretas.*

*Den fastsatte grenseverdien nevnt i første ledd må overholdes under normale driftsforhold. Virksomheten skal ha dokumentasjon som viser hvordan grenseverdiene overholdes.*

*Det skal være tilrettelagt for å ta representative prøver og utføre målinger av avløpsvannet fra nye rensinnetninger. Prøvene skal analyseres av laboratorier som er akkreditert for de aktuelle analysene. Analysemetoder nevnt i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 skal benyttes. Alternativt kan analysemetoder med dokumentert høy korrelasjon med analysemetodene i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 benyttes.*

Forskrifta setter krav til følgende dokumentasjon:

- Talet på tømningar
  
- (oljeutskiljar: mininum 1 gong per år fettutskiljar: 3-12 gonger per år).
- Prøvetaking frå utskiljar
  
- (oljeutskiljar: minimum 1 gong per år fettutskiljar minimum 2 gonger per år)
- Reingjering: minst 1 gong per år
- Vaske og avfettingsmidlar skal være dokumentert miljøvennlege
- Årsrapport for kvar utskiljar skal sendes inn til samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning. Årsrapport skal innehalde analyseresultater, tømmerapporter, driftskontroll, vurdering av utslipp.
- Beredskap for aktutt forureining

Kommunen har heimel til å treffe vedtak om tvangsmult i medhald av Forureiningslova § 73, jf. forureiningsforskrifta § 41-6 i tilfeller der det er nødvendig å sikre etterleving av regelverket.

#### **Vedlegg i saken:**

29.10.2020      Forskrift om påslipp av olje - og fetthaldig avløpsvatn,      1466632  
Alver kommune, Vestland

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 04.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
073/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.11.2020
151/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Endring fondsvedtekter næringsfond i Alver kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret endrar fondsvedtektene for næringsfondet i Alver kommune slik det blir lagt fram i saka.

### Utval for næringsutvikling og drift 11.11.2020:

#### Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Tillegg i kap. 3 - nytt kulepunkt: Verksemdar som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemdar som treng

hjelp til å realisere eit nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.

Tillegg til første punkt i kap. 3

"..., og/eller der midlane i hovudsak får effekt i Alver kommune".

Stryk første setning i punkt 5.13.

Tillegg til kap. 5:

"Det kan i særskilte høve tildelast midlar utanom hovudtildelingane. Søkjar må i så fall grunngje kvifor dette vil vera avgjerande,

t.d. om ein vil mista utløyssande midlar andre stader om ein må venta på hovudtildeling."

Endring i pkt 5.8:

"Ved avkorting i i søknadssum, står tilskotsmottakar fritt til å justera sin finansieringsplan tilsvarande.

Oppdatert finansieringsplan skal sendast inn."

Liv Hopland van der Kooij (SP) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Det kan maksimalt delast ut 15 % av næringsfondet sine midlar mellom dei ordinære søknadsfristane.

Det vart røysta punktvis over tilleggsframlegga:

Stian Lavik sitt tilleggsframlegg om nytt første kulepunkt i kap. 3 vart vedteke mot ei røyst (Yngve Walaker - Uavh.)

Stian Lavik sitt framlegg om tillegg til første punkt i kap. 3 vart samrøystes vedteke.

Stian Lavik sitt endringsframlegg om å stryka første setning i punkt 5.13 vart samrøystes vedteke.

Stian Lavik sitt framlegg om tillegg til kap. 5 vart samrøystes vedteke.

Stian Lavik sitt endringsframlegg i pkt 5.8 vart samrøystes vedteke.

Liv Hopland van der Kooij sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

Utvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møte.

**ND- 073/20 innstilling:**

Kommunestyret endrar fondsvedtektene for næringsfondet i Alver kommune slik det blir lagt fram i saka, med følgjande tillegg og endringar:

Tillegg i kap. 3 - nytt kulepunkt: Verksemder som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemder som treng

hjelp til å realisere eit nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.

Tillegg til første punkt i kap. 3:

..., og/eller der midlane i hovudsak får effekt i Alver kommune.

Stryk første setning i punkt 5.13.

Tillegg til kap. 5:

Det kan i særskilte høve tildelast midlar utanom hovudtildelingane. Søkjar må i så fall grunngje kvifor dette vil vera avgjerande,

t.d. om ein vil mista utløyssande midlar andre stader om ein må venta på hovudtildeling.

Det kan maksimalt delast ut 15 % av næringsfondet sine midlar mellom dei ordinære søknadsfristane.

Endring i pkt 5.8:

Ved avkorting i i søknadssum, står tilskotsmottakar fritt til å justera sin finansieringsplan tilsvarande. Oppdatert finansieringsplan skal sendast inn.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift 11. november

Saka skal til avgjerd i kommunestyret 26. november

### Kva saka gjeld:

Denne saka gjeld justering og endring av gjeldande fondsvedtekter for næringsfondet i Alver kommune.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Kommunestyret i Alver kommune vedtok gjeldande fondsvedtekter for næringsfondet i kommunestyremøte 20. februar 2020. Føremålet med næringsfondet er å bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i kommunen. Tildeling av midlar frå næringsfondet er delegert til utval for næringsutvikling og drift.

Vedtektene er nytta i to hovudtildelingar i 2020, 29. april og 7. juli. Det er erfaringane frå desse tildelingane som gjer at de er behov for å justere og presisere vedtektene.

### Vurdering

Rådmannen foreslår følgjande justeringar og presiseringar i fondsvedtektene (Sjå også vedlegg)

Nr	Gjeldande vedtekter	Framlegg til endring	Vurdering/kommentar
1	<b>Føremål</b>	Inga endring	
2	<b>Målsetting (1)</b> Tiltak som styrkar næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og nyskaping	<b>Endring:</b> Tiltak som styrkar næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og <b>entreprenørskap</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Nyskaping ligg inne i eit anna punkt, det er ønskje om å framheve entreprenørskap.
2	<b>Målsetting (2)</b> Tiltak som skapar ny vekst i etablerte SMB-verksemder i Alver kommune	<b>Endring:</b> Forslaget er å fjerne dette punktet	<b>Vurdering/kommentar:</b> Dette punktet er dekkja av andre målsettingar.
3	<b>Kven kan søke</b> Verksemder som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemder som treng hjelp til å realisere eit	<b>Endring:</b> Forslaget er å fjerne dette punktet.	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er målsettingane i punkt 2 som legg grunnlaget for kven som blir prioritert.

	nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.		
4	<b>Vilkår for stønad (1)</b> 4.2 Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr og maskiner. Det blir ikkje gitt stønad til oppføring av bygg.	<b>Endring:</b> 5.2 Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr og maskiner. Det blir ikkje gitt stønad til oppføring av bygg, <b>og kjøp av eigedom og areal.</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er kome inn fleire søknader om kjøp av areal og eigedomar. Fondet bør ikkje nyttast til dette føremålet.
4	<b>Vilkår for stønad (2)</b> 4.3 Stønad frå næringsfondet skal ikkje overstige 50 % av samla kapitalbehov og innanfor ein samla investeringsperiode på maksimalt 3 år	<b>Endring:</b> 5.3. Stønad frå næringsfondet skal ikkje overstige 50 % <b>av prosjektet sin samla finansieringsplan</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er kome mange spørsmål rundt forståinga av dette punktet. Framlegg til endring vil gjere det enklare å forstå og handsame
4	<b>Vilkår for stønad (3)</b> 4.5 Fondet skal ikkje brukast til festivalar, kultur- og idrettsmidlar.	<b>Endring</b> 5.5. Fondet gir ikkje stønad til festivalar, <b>kulturtiltak, kultur- og idrettsarrangement.</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Dette er ei presisering for å vere tydeleg på kva fondet ikkje støttar innan kulturfeltet.
4	<b>Vilkår for stønad (4)</b> 4.6 Stønad kan ikkje gjevast til privatpersonar.	<b>Endring:</b> 5.6. <b>Stønad kan gjevast til føretak som er registrert i Brønnøysundregisteret.</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Dette er ei presisering om at det er mogleg å gje støtte til enkeltmannsføretak som er registrert som verksemder.
4	<b>Vilkår for stønad (5)</b> 4.7 Søknader der tilskot frå næringsfondet kan utløyse ytterlegare tilskotfinansiering vil verta prioritert, men må vere i samsvar med aktuelle krav og retningslinjer (refr punkt 7.6).	<b>Endring:</b> Forslaget er å fjerne dette punktet	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er målsettingane i punkt 2 som legg grunnlaget for kva som blir prioritert.
5	<b>Korleis søke</b> ... Alle søkarar oppmodast til eit oppstartmøte med administrasjonen før innsending av søknad.	<b>Endring:</b> Forslaget er å fjerne dette punktet	<b>Vurdering/kommentar:</b> Dette kan skape unødig meirarbeid for begge partar. Søklarar kan be om eit møte med administrasjon ved behov.
6	<b>Søknadsfrist og tildeling</b> Søknad levert inn før/ etter søknadsfrist vert vurdert individuelt etter skjønn. Søknadsfristar er 1 måned før utvalet sitt møte.	<b>Endring:</b> Forslaget er å fjerne dette punktet	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er ei anbefaling å halde seg til dei faste søknadsfristane 1. mai og 1. oktober. Opning for søknadar utanom fristane kan skape meirarbeid og rom for å spekulasjon når ulike aktørar sender søknad.
	<b>VEDLEGG – GENERELLE VILKÅR</b>	<b>Endring:</b> Vilkåra i vedlegget blir lagt inn saman med dei andre vilkåra i vedtektene.	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er meir ryddig å samle alle vilkår i eitt punkt i sjølve vedtektene. Dette blir punkt

		Vedlegget blir fjerna.	5 i vedtektene.
<b>1.1</b>	<b>Endringar i prosjektet</b> 1.1. Vesentlege endringar i prosjektplanen, endringar i prosjektet sitt budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av kommunen. Prosjekteigar tar kontakt med kommunen for ei vurdering av endringane. Søknaden må vere godkjent av prosjekteigar.	<b>Endring:</b> 5.7. Vesentlege endringar i prosjektplanen, endringar i prosjektet sitt budsjett eller finansieringsplan, <b>skal godkjennast av utval for næringsutvikling og drift.</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Ved vesentleg endring i prosjektet tar tilsegnsmottakar kontakt med kommunen, administrasjonen vurderer endringane og legg det fram for utvalet for avgjerd.
<b>1.2</b>	<b>Føresetnad for løyving</b> 1.2 Føresetnaden for Alver kommune si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjent finansieringsplan i omsøkte prosjekt viser.	<b>Endring:</b> 5.8. Føresetnaden for Alver kommune si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjent finansieringsplan i omsøkte prosjekt viser. <b>Alle tilskotsmottakarar må bekrefte at dei tar imot tildelt tilskot. Ved avkorting i søknadssum må tilskotsmottakar sende ein oppdatert finansieringsplan.</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Det er viktig å få ei stadfesting om søkjar tar imot tilskot eller ikkje. I tillegg må kommunen få ein oppdatert finansieringsplan om den søkte summen blir avkorta.
<b>1.7</b>	<b>Delutbetaling:</b> 1.7 Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling i høve til godkjend kostnadsprosent av akkumulerte kostnadar, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnadar.	<b>Endring:</b> <b>5.13 Utbetaling frå næringsfondet skjer etterskotsvis. Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnadar. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.</b>	<b>Vurdering/kommentar:</b> Dei fleste fond legg opp til at utbetaling skjer etterskotsvis, men ein kan oppmode om delutbetaling. Vi må tydeleggjere krav til ei slik oppmoding.
	<b>KLAGE/INNSYN I DOKUMENTA</b>	<b>Endring:</b> Punktet om klagerett blir tatt bort frå vedtektene.	<b>Vurdering/kommentar:</b> Tildeling frå næringsfondet er ei skjønsmessig og politisk vurdering, der vedtektene legg ei ramme for tildelinga. Det er politisk vedtatt at kommunen skal ha eit næringsfond og kva føremålet er. Dette er ikkje vedtak etter forvaltningslova, då bør det ikkje vere klagerett på tildelingane.

**Tilråding:**



Rådmannen rår til at fondvedtektene for næringsfondet i Alver blir endra slik det er lagt fram i saka.

**Vedlegg i saken:**

04.11.2020	Vedlegg 1_Vedtekter næringsfond_vedtatt februar 2020	1469238
04.11.2020	Vedlegg 2_Framlegg til nye fondsvedtekter næringsfond_november 2020	1469241

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 30.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
102/20	Alver formannskap	12.11.2020
152/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Endringar i forskrift om vass- og avløpsgebyr

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 30.10.2020. Endringane gjeld:

§ 3-4 nytt pkt 5.

For abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp, blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr. I tillegg blir forbruksgebyret redusert som kompensasjon for eige ansvar for vedlikehald av tank

Endra § 2-1.

For næringsseigedomar / kombinasjonseigedomar er eingongsgebyret sett saman av

- a. ein fast del, og
- b. ein variabel del som skal reknast etter totalt bruksareal

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3, 4 og 5 og Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1, andre ledd».

## Alver formannskap 12.11.2020:

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 102/20 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 30.10.2020. Endringane gjeld:

§ 3-4 nytt pkt 5.

For abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp, blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr. I tillegg blir forbruksgebyret redusert som kompensasjon for eige ansvar for vedlikehald av tank

Endra § 2-1.

For næringsseigedomar / kombinasjonseigedomar er eingongsgebyret sett saman av

- a. ein fast del, og
- b. ein variabel del som skal reknast etter totalt bruksareal

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3, 4 og 5 og Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1, andre ledd».

### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Bakgrunn**

Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver vart godkjent av kommunestyret i møte 19.12.2019. Forskrift om vass- og avløpsgebyr stiller opp Alver kommune sine reglar for korleis dei årlege avgiftene skal reknast ut.

Forskrifta gjeld heilt til den evt blir endra eller oppheva, og treng ikkje oppdaterast kvart år med mindre det er særskilte behov for det.

I møte 19.12.2019 vart også vass- og avløpsgebyr for 2020 vedteke. Vass- og avløpsgebyret fastset sjølv betalingsattsane, og skal beandlast av kommunestyret årleg.

Sidan både forskrifta og avgiftsregulativet er nytt for Alver, vart det lagt til grunn at erfaringar med praktisering av forskrifta kunne medføre behov for endringar raskare enn det som er vanleg for forskrifter. Gebyrregulativet vert uansett tatt opp til vurdering kvart år.

I løpet av 2020 er det to område som har peika seg ut med behov for endringar:

- Abonentar som har kombinert løysing av kommunalt og privat avløp, jf kommunestyresak 033/20.
- Tilknytingsavgift (eingongsgebyr) for næringsseigedomar.

### **Saksopplysningar:**

Abonentar som har kombinert løysing av kommunalt og privat avløp

For nærare opplysningar om bakgrunnen: Sjå KO-sak 033/20 (vedlegg)

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 14.05.2020, sak 033/20:

*Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:  
Forbruksgebyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikehald av tank. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr.*

*Kommunestyret oppmodar rådmannen til å utarbeide eit gebyrregulativ for 2021 som i større grad fangar opp dei faktiske kostnadane abonnentane med denne ordninga har, og at reduksjonen i framtidig årsavgift gjenspeglar dette.*

Endringa er innarbeida i gebyrregulativet for 2020. Arbeidet med gebyrregulativet for 2021 pågår.

Forskrifta bør formelt oppdaterast tilsvarende, og rådmannen rår til følgjande tekst, § 3-4 «Tillegg og skjønnsfastsetting av årsgebyr», nytt pkt 5:

5. For abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp, blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr. I tillegg blir forbruksgebyret redusert som kompensasjon for eige ansvar for vedlikehald av tank.

Sjølv kompensasjonen blir fastsett i det årlege gebyrregulativet.

Tilknytingsavgift (eingongsgebyr) for næringsseigedomar

Kapittel 2 i forskrifta handlar om Eingongsgebyr. Gebyret skal i utgangspunktet betalast pr bueing, men for næringsseigedomar / kombinasjonseigedomar skal eingongsgebyret reknast etter totalt bruksareal, utan

differensiering. I gebyrregulativet er det fastsett ein pris pr m2 for desse.

Problemstillinga er at utan differensiering av tilknytingsavgifta for næringsseigedomar, blir tilknytingsavgifta mykje mindre for desse enn for tilsvarande bustad-/fritidsbustadeigedom, som har fast pris pr bueining, når ein legg dagens betalingssatsar til grunn.

Sjølve betalingsattsane er ikkje tema i forskrifta her, men for å forklare problemstillinga er det nytta eksempel frå gebyrregulativet for å illustrere konsekvensane:

Tilknytingsgebyret 2020 er kr 15.000 pr bueining for bustad- og fritidseigedom, og kr 62,50 pr m2 for nærings- og kombinasjonseigedom.

Eksempel, eingongsgebyr (tilknytingsavgift) for bygg på 50 m2:

Nærings- og kombinasjonseigedom, vatn	Kr 62,50 x 50 m2	3 125,-
Nærings- og kombinasjonseigedom, avløp	Kr 62,50 x 50 m2	3 125,-
Bustad- og fritidseigedom, vatn	Fast sum	15 000,-
Bustad- og fritidseigedom, vatn	Fast sum	15 000,-

Rådmannen meiner at avstanden mellom desse to kategoriane blir for høg, og i feil favør.

Det er to måtar å løyse situasjonen på, dersom ein ønskjer større likebehandling og meir rettferdig prissetting. Eit tredje alternativ belaster bustad- og fritidseigedomar meir enn næringsseigedomar:

- Auke prisen pr m2 for næringsseigedomar (medfører endring i gebyrregulativet)
- Differensiere eingongsgebyret for næringsseigedomar med ein fast sum i botn, i tillegg til pris pr m2 (medfører endring i forskrifta)
- Auke tilknytingsgebyret for bustad- og fritidseigedomar, for å kompensere for den negative dekningsgraden (medfører endring i gebyrregulativet)

Det første alterantaivet, med auka pris pr m2, kan slå uheldig ut for større nærings- og kombinasjonseigedomar, og er ikkje ei løysing rådmannen vil tilrå. Rådmannen vil heller ikkje rå til det siste alternativet, at bustad- og fritidseigedomar må kompensere for manglande dekningsgrad for nærings- og kombinasjonseigedomar.

Rådmannen meiner det er meir hensiktsmessig å vurdere det andre alternativet, innføre ein fast sum i botn for næringsseigedomane. Denne kan til dømes vere lik tilknytingsavgifta for bustadeigedomar, men nivået skal kommunestyret ta stilling til når gebyrregulativet for 2021 skal behandlast.

Gamle Lindås kommune (som er den største næringskommunen i Alver) hadde frå før prinsippet om fast sum i botn for nærings- og kombinasjonseigedomar, med to trinn før pris pr m2 slo inn på toppen. Prinsippet er såleis ikkje ukjent for ein stor del av næringslivet.

Forskrift for vass- og avløpsgebyr skal ikkje ta stilling til prisnivået, men stille opp reglar for utrekning. Rådmannen rår til at Kapittel 2: Eingongsgebyr, § 2-1 «Gebyrplikt og innretning», blir endra slik i andre avsnitt:

Noverande tekst:

For næringsseigedomar / kombinasjonseigedomar skal eingongsgebyret reknast etter totalt bruksareal

Forslag til ny tekst:

For næringsseigedomar / kombinasjonseigedomar er eingongsgebyret sett saman av

- a. ein fast del, og
- b. ein variabel del som skal reknast etter totalt bruksareal

Forskrift om vass- og avløpsgebyr er ein viktig del av grunnlaget for kommunens levering av vatn og avløpstenester i Alver.

Formålet med dei to endringane som er det er gjort greie for over her, er å stadig sikre likebehandling av abonnentane og rettferdig innretning av gebyrtypane.

**Vedlegg i saken:**

04.11.2020	Endra forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune, revidert framlegg 30.10.2020	1469377
------------	---	---------

**Arkiv:** <arkivID>32T  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 27.10.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
103/20	Alver formannskap	12.11.2020
153/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Gebyr- og betalingsattsar for 2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingsattsar for 2021 slik det ligg føre i saka.

Endringane gjeld frå 01.01.2021

### Alver formannskap 12.11.2020:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster, M.Klementsens-uavh., M.Færø-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.

#### FO- 103/20 innstilling:

Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingsattsar for 2021 slik det ligg føre i saka.

Endringane gjeld frå 01.01.2021

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Alver kommune skal vedta årleg gebyr- og betalingsattsar for det komande budsjettåret.

Denne saka gjeld:

1. Oppvekst. SFO. Barnehage.
2. Kultur. Kulturskule.
3. Helse- og omsorgstenester. Alkohol og tobakk mv.

4. Feiing, renovasjon og slam
5. Festeavgifter. Gravplassforvaltning
6. Leigeprisar eigedom og anlegg

Gebyrområde for Vatn og Avløp samt Teknisk forvaltningsteneste blir lagt fram som eigne saker. Dei øvrige satsane samlast i denne saka. Alle dei vedtatte satsane vil bli samla i eitt hefte.

## **Saksopplysninger:**

### **1. Oppvekst. SFO. Barnehage.**

Innspel frå Oppvekstsektoren er vedlegg til saka.

#### **1.1 Skulefritidsordning (SFO)**

Satsar etter sjølvkost er justert med forventa løns- og prisvekst.

Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga:

Kommunen skal gje reduksjon i foreldrebetalinga for SFO på 1. og 2. trinn slik at den per elev utgjer maksimalt 6 % av inntekta til hushaldet. Frå hausten 2021 gjeld denne ordninga også elevar på 3.-4. trinn. Ordninga gjeld for kommunale skulefritidsordningar.

#### **1.2 Barnehage**

Satsar etter sjølvkost er justert med forventa løns- og prisvekst.

Makspris barnehage:

Foreldra skal ikkje betale meir enn makspris for barnehageplass. Den er fastsett til kr 3.230 per måned frå 01.01.2021.

Redusert foreldrebetaling barnehage:

Kommunen skal gje reduksjon i foreldrebetaling for barnehagen slik at den utgjer maksimalt 6 % av inntekta til hushaldet. Grensa vil frå 01.01.2021 vera kr 592 167. Ordninga gjeld for kommunale og private barnehagar.

Gratis kjernetid barnehage:

Gratis kjernetid 20 timar per veke for barn i alderen 2-5 år for familiar med låg inntekt. Inntektsgrensa er frå 1. august 2020 kr 566 100. Frå 1. august 2021 sett til kr 583 650. Ordninga gjeld for kommunale og private barnehagar.

#### **1.3 Vaksenopplæring**

Satsar er justert etter forventa løns- og prisvekst.

### **2. Kultur**

Innspel frå Kultursektoren er vedlegg til saka.

Kulturskulen held seg på same satsar som tidlegare. Ein vil indeksregulere eigenbetalingane etter SSB kostnadsindeks på 1,6%. Dette gjeld også satsane for sal av timar til lag, som til dømes skulekorps.

Kjøp av dirigent-teneste lag/korps har ikkje tal i rubrikken for 2020 då desse ikkje vart teken med i behandling av gebyrsatsar for 2020. Dei har i 2020 vore 11.818,- pr. årstime (311 pr. t. x 38 veker). 311 kr er gjennomsnitt av Radøy, Meland og Lindås kulturskular sine gamle gebyrsatsar for lag/korps.

Fast sats for undervisningsmateriell i kunst/dans/teater er ei evaluering og attendeføring til gamal ordning. I 2020 er dette arbeidet gjort løpande, men det er uføreseieleg både for heimane og kulturskulen. Ein ser at den gamle gebyrordninga fungerte betre og ynskjer å gå attende til denne.

Endringar i eigendel for kulturskulen bør gjelde frå 1. august 2021, altså nytt skuleår. Kulturskuleelevane har bunde seg for heile skuleåret 2020/2021 etter gamal sats, og om kulturskulen gjer endringar i denne midt i «kontraktperioden» må ein opne for utmelding midt i året. Dette fører med seg store utfordringar for kulturskuledrifta.

### **3. Helse- og omsorgstenester**

Innspel frå Helse- og Omsorgssektoren er vedlegg til saka.

#### Gebyr og tilsynsavgift på alkohol- og tobakk-området inkl. gebyrsatsar for sals- og skjenkeløyve.

Kommunen følgjer til ei kva tid gjeldande statleg gebyrsats for faste sals- og skjenke løyve og ambulerande/einskild løyve som er regulert i [alkoholforskrifta § 6.2](#). Gebyrsatsane vert årleg regulert av Helsedirektoratet.

#### Anna.

Kommunestyret vedtek og justerer eigendelsatsane for helse- og omsorgstenester ein gong i året. Unntak gjeld for satsane som vert fastsett av staten ved årsskifte kvart år.

Kommunen vedtek satsane med heimel i helse- og omsorgstenestelova § 11-2 og forskrift om eigendel for kommunale helse- og omsorgstenester, kapittel 1 og kapittel 2.

#### 3.1 Heimebaserte tenester, praktisk bistand og rettleiing

Det er den samla inntekta til husstanden som avgjer kor mykje ein må betale for heimehjelp.

#### 3.2 Opphald i institusjon

Det vert innført ein makspris på langtidsopphald per måned i Alver, basert på kur-døgnprisen i sjukeheimane og Radøy interkommunale busenter. Kur-døgnprisen er den reelle opphaldsutgifta per plass per døgn. Ingen pasientar skal betale meir enn kur-døgnprisen. Det er rekna ut ein felles gjennomsnittleg kur-døgnpris for sjukeheimane. Sjukeheimane har same type pasientar og tilnærma det same tilbodet. Det er rekna ut ein eigen kur-døgnpris for Radøy interkommunale busenter. Busenteret har ei anna pasientgruppe enn sjukeheimane, og drifta er organisert annleis enn ved sjukeheimane.

Prisen for korttidsopphald per døgn vert fastsett av staten. Prisen på langtidsopphald er ulik frå brukar til brukar, og blir fastsett etter kva økonomi du har. Reknestykket vert gjort i tråd med forskrifta, kapittel 1.

#### 3.3 Velferdsteknologi

Tenesta er gratis for alle som får velferdsteknologi som erstatning for anna helsehjelp.



Eit unntak gjeld for dei som har inntekt under 2G og som allereie betalar statleg sats for heimehjelp.

#### **4. Feiing, renovasjon og slam**

Innspel frå gebyrsektoren er vedlegg til saka.

##### 4.2 Renovasjon og slam

Representantskapet i NGIR gjorde 26.10.20 vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2021. NGIR ber kommunen gjera vedtak om satsane. Satsane har ingen endringar frå 2020.

##### 4.3 Feiing og tilsyn

Feiing er eige sjølvkostområde. Alver reknar kommunale gebyr for sjølvkostområda i tråd med forskrift om beregning av sjølvkost. Sjølvkost inneber at kostnadene som kommune brukar for å produsere tenesta blir dekkja av gebyra for tenesta. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Evt overskot frå tidlegare år skal tilbakeførast til abonnentane eller brukast til å unngå gebyrauke/reducere gebyrnivået.

Sjølvkostoppstillinga i vedlegget syner at avgiftene ikkje treng aukast dei næraste åra. Satsane frå 2020 blir vidareført, dvs feiegebyr hus/hytte kr 581,- pr pipe inkl mva, og kr 187,50 pr ekstra pipe.

#### **5. Festeavgifter. Gravplassforvaltning:**

Alver kyrkjelege fellesråd har møte 25.11.2020.

Kyrkjeverje opplyser at fellesrådet sitt arbeidsutval har drøfta gebyra og gjort framlegg om at avgiftene bør endrast i takt med eigna prisindeks.

I det samla gebyrvedlegget er satsane for 2020 lagt inn. Nye eller uendra satsar blir lagt inn møte i Alver kyrkjelege fellesråd, føre sluttbehandling i kommunestyret.

#### **6. Leigeprisar eigedom og anlegg**

Innspel frå utleigesektoren er vedlegg til saka.

Det ligg føre uttale frå Alver Idrettsråd og Alver Kulturråd. Uttalene er vedlegg til saka.

Leigeprisane skal vere med å skape mest mogleg aktivitet i kommunale idretts- og kulturbygg for frivillige lag og organisasjonar i Alver.

Frivillige organisasjonar i Alver kommune skal ikkje betale leige for organisert aktivitet for barn og unge (opp til og med 19 år).

Ein søker om leigetid gjennom utlånsportalen Aktiv kommune. For sesongleige er det eige søknadsskjema på kommunen si heimeside.

I gebyroversikta er det innanfor denne gebyrsektoren ikkje lagt ved samanliknande prisar for 2020/2021. Dette fordi oppsettet for leigeprisar mm no er forenkla og meir heilskapleg bygd opp, i høve til satus ved

kommunesamanslåinga.

**Vedlegg i saken:**

04.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 1_Oppvekst_20okt 2020	1469380
04.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 2_Kulturskule_28okt 2020	1469381
04.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 3_Helse Omsorg_20okt 2020	1469382
05.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 4a_Feiing_28okt 2020	1469383
04.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 4b_Renovasjon_28okt 2020	1469384
04.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 4c_Slam_28okt 2020	1469385
05.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 6a_Leigeprisar_30okt 2020	1469386
04.11.2020	Sak_gebyr 2021_vedlegg 6b_Leigeprisar Alver idrettsråd Uttale 2020	1469387
04.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg 6c_Alver Kulturråd uttale 30 okt 2020	1469388
05.11.2020	Sak_Gebyr 2021_Vedlegg oversikt_3nov 2020	1469389

Arkiv: <arkivID>32T  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 02.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
104/20	Alver formannskap	12.11.2020
154/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

## Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for 2021

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtar Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for 2021.

Endringane gjeld frå 01.01.2021.

### Alver formannskap 12.11.2020:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster, M.Klementsens-Uavh.og T.Sletten-Hansen-Uavh

#### FO- 104/20 innstilling:

Kommunestyret vedtar Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for 2021.

Endringane gjeld frå 01.01.2021.

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Saka skal avgjerast i Alver kommunestyre.

Gebyrforskrifta for 2021 blir lagt ut på høyring i perioden mellom handsaming i Formannskapet og møte i kommunestyret.

#### Saka gjeld

Saka gjeld ny gebyrforskrift for 2021 innanfor teknisk forvaltning. Forskrifta omfattar følgjande fagområde:

- Reguleringsplan
- Bygge-, dele og dispensasjonssaker

- Oppmålingssaker
- Eigarseksjonering
- Utslepp og tilsyn etter forureiningslova
- Konesjonsaker
- Jordlovssaker
- Tilsyn etter plan- og bygningslova

## Regelverk

Forslaget til nytt gebyrforskrift er gjort med heimel i:

- Plan- og bygningslova § 33-1
- Matrikkelova § 32 og matrikkelforskrifta § 16
- Lov om eigarseksjonar § 15
- forurensningsloven § 52a jf. forurensningsforskriften § 2-12.
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 1
- Viltlova § 40, jf. forskrift om kommunale viltfond § 6

Etter lovverka kan kommunen fastsetje gebyr så lenge gebyra ikkje er høgare enn dei nødvendige kostnadane som kommunen har med slike saker, det er prinsippet om sjølvkost. Det er ikkje eit krav

at gebyra må tilsvara dei kostnadane kommune har i kvar enkelt sak, men bruke standardsatser med utgangspunkt i gjennomsnittleg tid og ressursbruk for dei ulike sakstypene. Sakstypar som er omfatta av reglane om sjølvkost er bygge-, dele og dispensasjonsaker, eigarseksjonering, oppmåling, private planforslag, tilsyn etter plan- og bygningslova og søknadar om løyve og tilsyn/kontroll etter forureiningslova.

Sakstypar/oppgåver som ikkje kan dekkast av sjølvkost er til dømes rettleiing etter forvaltningslova og handsaming av klagesaker. Gebyr for handsaming av planforslag kan omfatte kommunen sitt arbeid fram til planen vert lagt ut på førstegongs høyring. Det kan ikkje takast gebyr for områderegulering eller detaljreguleringsplanar fremja av det offentlege.

## Om forskrifta

Forskrifta er delt inn i 17 punkt:

- Punkt 2 og 3 viser til lovheimlar for forskrifta
- Punkt 4 inneheld dei generelle reglane som gjeld for alle tenestene
- Punkt 5 gjeld sats for timepris for gebyr som skal betalast etter medgått tid
- Punkt 6 gjeld digitalt kartgrunnlag
- Punkt 7 gjeld gebyr for handsaming av private planforslag og søknadar om fritak frå bygge- og deleforbod.
- Punkt 8 gjeld gebyr for utbyggingsavtale og refusjonssak
- Punkt 9 gjeld gebyr for søknad om dispensasjon
- Punkt 10 gjeld gebyr for bygge- og delesaker
- Punkt 11 gjeld gebyr for saker som vert avslutta ved at saka vert trekt eller avvist
- Punkt 12 gjeld gebyr for ulovlege tiltak
- Punkt 13 gjeld gebyr for oppmålingssaker
- Punkt 14 gjeld gebyr for eigarseksjonering

- Punkt 15 gjeld gebyr for konsesjonssaker og delingssaker etter jordlova
- Punkt 16 gjeld gebyr for viltforvaltning
- Punkt 17 gjeld for saker etter forureiningslova

### Endringar i forskrifta

Ved overgangen til Alver kommune vart det laga ei gebyrforskrift der satsane frå dei 3 kommunane vart harmonisert. Arbeidet med utarbeiding av gebyrforskrifta for 2021 er gjort med bakgrunn i erfaringar frå første år i Alver kommune. Det er gjort ei generell prisendring med 2,5 % i samsvar

med forventa prisvekst for 2021. I hovudsak er endring i satsane er runda av til næraste 100 kr eller

10 kr etter justeringa.

For nokon av punkta er det gjort større endringar, både i korleis gebyra er bygd opp og sjølve satsane, slik at gebyret i større grad er tilpassa sakstypar som er i samsvar med den reelle ressursbruken som kommunen har. Dei største endringane er følgjande:

- Punkt 4, generelle reglar

Det er gjort mindre endringar i dette punktet. Det er lagt til presiseringar under punkt 4.3 som gjeld fastsetting av gebyr og tidspunkt for fakturering.

- Punkt 7, plansak

Det er lagt inn gebyr for handsaming av avvist planinitiativ. Gebyret for handsaming av private planforslag er endra i oppbygging, både i struktur og gebyrsatsar.

I gebyrforskrifta for 2020 var gebyret for handsaming av plansaker bygd med eit basisgebyr og fleire tilleggsgebyr for arealtillegg, ulike reguleringsføremål, bygningsareal (bruksareal), planprogram og konsekvensutgreiing.

I forslag til gebyrforskrift for 2021 er det satt eit gebyr for handsaming av private planforslag, der gebyret er delt opp med eit fast gebyr for detaljreguleringsplanar som er i samsvar med overordna planar og i strid med overordna plan, jf. punkt 7.2.3 og 7.2.4 i gebyrforskrifta. Dersom det er krav til konsekvensutgreiing, så kjem det tilleggsgebyr for dette.

Gebyr for handsaming av detaljreguleringsplanar der det er krav til planprogram og konsekvensutgreiing går fram av punkt 7.2.5

For alle plansaker vert det tilleggsgebyr for oppstartsmøter, undervegs møter, planområde og melding om manglar i plansaka.

Slik oppbygginga av gebyra for planforslag har vore er det vanskeleg for ein forslagsstillar å finne ut pris for handsaminga av eit planforslag. Gebyra blir og differensierte ut frå kor mange og kva type planføremål som ligg i forslaget, medan ressursbruken som kommunen har ved sakshandsaminga er den same uavhengig av kva planføremåla er. Endringa vil sikre meir føreseielege gebyr for forslagsstillar og sikrar at gebyra dekker den reelle ressursbruken som kommunen har ved handsaming av planforslag. Endringane fører til at ein får ein meir lik sats for handsaming av planforslag, uavhengig av kva føremål som inngår i planen. Konsekvensen av endringa som er lagt inn i gebyrforskrifta for 2021 kan føre til at mindre planforslag t.d. med kun eit arealføremål får auka gebyr, medan det for større planer kan bli redusert gebyr.

- Punkt 9, dispensasjonssak.

Redusert gebyr for dispensasjon for mindre tiltak i punkt 9.1 er endra ved at det reduserte gebyret ikkje vil omfatte dispensasjonar som gjeld dispensasjonssaker i strandsona.

Gebyret for dispensasjon etter punkt 9.2 og 9.3 er endra basert på ressursbruken kommunen har ved handsaming av dispensasjonssøknadar. Gebyret for dispensasjon er auka til kr. 15 000,- og det er lagt til tilleggsgebyr i punkt 9.3 som gjeld for 2 eller fleire dispensasjonar.

Døme:

I saker der det er søkt om 1 dispensasjon vert gebyret kr. 15 000. Saker der det er søkt om 2 dispensasjonar vert gebyret kr. 22 500 (kr. 15 000 etter punkt 9.1.2 + 7500 etter punkt 9.3). Er det søkt om 3 dispensasjonar eller fleire vert gebyret kr. 30 000,-, jf. punkt 9.2 og 9.3.

- Punkt 13, handsaming etter matrikkellova

Basisgebyret for etablering eller oppretting av grunneigedom m.m. er auka til kr. 14 500 i samsvar med reell ressursbruk.

- Punkt 14, eigarseksjonar

Her er gebyret differensiert mellom søknad om seksjonering av nybygg og der det vert søkt om seksjonering i eksisterande bygg. Gebyret er endra på bakgrunn av reell ressursbruk for sakstypene.

## Punkt 16, viltforvaltning

Dette punktet er nytt i regulativet. Ved overgangen til Alver kommune har det ikkje vore ein harmonert sats for handsaming av fellingsløyve for hjort. Den satsen som er lagt inn gebyrforskrifta for 2021 sikrar at det er ein lik sats i kommunen, og tilsvara satsane som Radøy og Lindås har hatt. Meland sin sats var kr. 200 for fellingsløyve av vaksen hjort og kr. 100 for kalv.

Det er lagt inn to satsar for fellingsløyve av vaksen hjort som er differensiert på slaktevekt.

Den vektmessige differensieringa av fellingsavgifta er eit insentiv for grunneigar/jeger til å skyte dårleg kondisjonert hjort. Det vil bidra til ei beredyktig hjorteviltforvaltning i kommunen, ein sunn hjortebestand og et jordbruk i utvikling.

Forslaget til gebyrforskrift for 2021 er i større grad tilpassa den reelle ressursbruken som kommune har for dei ulike sakstypene ut frå kompleksiteten i sakene.

For at kommunen skal kunne ta inn gebyr og nå dei budsjetterte gebyrinntektene så er vi avhengig

av det vert planlagt for nye byggeområde og at det er utbyggingsaktivitet i kommunen. Kommunen sin påverknad er at vi har ressursar som kan handsame private planforslag og søknadar innanfor dei fristane som lovverket har. Når det gjeld bygge- og delesaker i Alver kommune i 2020 så har det vore stor pågang av søknader. Det som har vore merkbart i forhold til andre år, er at det mindre byggetiltak det vert søkt om, t.d. einebustader og mindre tiltak som tilbygg og garasjar på bygde eigedommar. Vi forventar at aktivitetsnivået vil endra seg i 2021, slik at vi når dei budsjetterte inntektene. Det er likevel slik at det er aktiviteten i marknaden i samfunnet som styrer kva inntekter vi kan ta inn gjennom gebyr.

### **Vedlegg i saken:**

02.11.2020      Gebyrforskrift 2021

1468010